



2021

Årsrapport



Innhold

Banken styrkar marknadsposisjonen sin	s. 4
Nøkkeltal	s. 6
Årsmelding frå styret	s. 10
Erklæring frå styret og administrerande direktør	s. 28
Organisasjon og leiingsstruktur	s. 29
Resultat	s. 33
Balanse	s. 34
Eigenkapitaloppstilling	s. 35
Kontantstraumoppstilling	s. 36
Notar	s. 38
Revisjonsmelding	s. 94

Banken styrkar marknadsposisjonen sin

2021 vart eit svært godt år for banken, med god lønsemd og styrka soliditet. Dei tilsette har handtert covid-19-situasjonen på ein veldig god måte og vi har vore tettare på kundane våre enn nokon gang. Vi konstaterer at både privat- og bedriftsmarknaden har slutta opp om lokalbanken som aldri før. Lokalbanken representerer tryggleik og føreseielegheit i ei krevjande tid.

Banken hadde i 2021 ein utlånsvekst i privatmarknaden nær det doble av marknadsveksten, noko som betyr at banken held fram med å ta marknadsandelar. Vi er no svært nær ved å vere marknadsleiar på Søre Sunnmøre. Kjernebankdrifta er styrka gjennom solid utlånsvekst og vekst i andre inntekter. I tillegg har banken gode inntekter frå direkte og indirekte eigarskap i andre allianseselskap. Spesielt har Fremtind Forsikring AS hatt eit svært godt resultat i 2021.

Vi vil også trekke fram at banken gjennom 2021 har hatt ei svært god innskotsutvikling, med heile 16,4 prosent. Bankens innskotsdekning er gjennom dette vesentleg styrka.

Banken har over år betra kostnadsprosenten gjennom å handtere god utlånsvekst med færre årsverk, trass i nye årsverk knytt til antikvitvask og personvern. Området for etterleving har høg prioritet i banken og vi ser for oss fleire nye årsverk på dette området i åra framover.

I snart 170 år har banken hatt ei viktig rolle som samfunnsaktør i dei lokalmiljøa vi er ein del av, gjennom å yte lån og rådgjeving til bedrifter og privatpersonar. Gode resultat og sterk

soliditet har lagt grunnlaget for at banken har kunne auka sponsor- og gåvetildelingar. Gjennom gåver og sponsorat er vi med på å gjere det betre å bu og virke på Søre Sunnmøre.

Banken har eit sterkt fokus på berekraft (ESG) gjennom tiltak i eiga bedrift, samt gjennom vår kredittpolitikk. I 2021 vart vi mellom anna tildelt Miljøfyrtårn-sertifisering. Som lokalbank er vi opptekne av å ta vare på samfunnet vårt. I tillegg til interne tiltak, vil vi framover heie ekstra mykje på dei som tek berekraftige val.


Stig Brautaset
Administrerende Direktør





Nøkkeltal

131 mill.kr

Resultat for rekneskapsåret

9,4 %

Eigenkapitalavkastning

18,8 %

Rein kjernekapitaldekning

Hovudtal

Hovudtal Konsern Resultat	2021		2020	
	mill.kr	%	mill.kr	%
Netto renteinntekter	147	1,29	153	1,44
Netto provisjon- og andre inntekter	87	0,76	77	0,72
Netto avkastning på finansielle eignelutar	63	0,55	65	0,61
Sum inntekter	297	2,60	295	2,78
Sum driftskostnader	136	1,19	127	1,20
Resultat før tap	161	1,41	167	1,58
Tap på utlån og garantiar	9	0,08	17	0,18
Nedskrive på aksjar	1	0,01	7	0,07
Resultat før skatt	151	1,33	143	1,35
Skattekostnad	20	0,18	26	0,25
Resultat for rekneskapsåret	131	1,15	117	1,10



Nøkkeltal

	2021 mill.kr	2020 mill.kr
Balanse		
Brutto utlån	9.706	9.205
Innskot	8.397	7.216
Utlånsvekst siste 12 mnd. inkl. SB1 Boligkreditt og SB1 Næringskreditt	852	949
Utlånsvekst siste 12 mnd. eks. SB1 Boligkreditt og SB1 Næringskreditt	501	362
Innskotsvekst siste 12 mnd.	1.181	254
Innskotsdekning inkl. SB1 Boligkreditt og SB1 Næringskreditt	63 %	58 %
Forvaltningskapital	11.921	10.805
Forvaltningskapital inkl. SB1 Boligkreditt og SB1 Næringskreditt	15.598	14.192
Eigenkapital eks. fondsobligasjon	1.422	1.319
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	11.404	10.608
Overføringar til kredittføretak		
Utlån selt til SB1 Boligkreditt og SB1 Næringskreditt	3.677	3.228
Sum utlån inkl. SB1 Boligkreditt og SB1 Næringskreditt	13.383	12.530
Nøkkeltal	2021	2020
Lønsemd		
Eigenkapitalavkastning etter skatt	9,4 %	8,9 %
Kostnadsprosent	45,8 %	43,2 %
Soliditet forholdsmessig konsolidert		
Kapitaldekning	22,2 %	21,7 %
Rein kjernekapitaldekning	18,8 %	18,4 %
Berekningsgrunnlag	7.100	6.624
Rein kjernekapital	1.336	1.217
Ansvarleg kapital	1.578	1.440
Uvekta kjernekapital (Leverage Ratio - LR)	8,4 %	8,5 %
Likviditetsreserve (Liquidity Coverage Ratio - LCR)	163 %	205 %
Eigenkapitalbevis		
Resultat per eigenkapitalbevis	kr 12,95	kr 9,52
Tal på utferda bevis (mill.)	1	1
Bokført eigenkapital for eigenkapitalbevisegarane (mill.kr)	138	130
Eigenkapitalbevisbrøken i %	10,28 %	10,54 %



Årsmelding frå styret 2021

Banken og verksemda

SpareBank 1 Søre Sunnmøre vart etablert i Volda 17. september 1853 og hadde sin første opningsdag 2. januar 1854. Namnet var den gong Volda og Ørsta Sparebank og hovudkontor låg i Volda, slik som i dag. Banken vaks fort og vart ein viktig samfunnsaktør for utviklinga i nærområdet. I 1964/65 blei sparebankane på Vartdalsstranda og i Hjørundfjorden fusjonert med banken, og i 2006 blei den ein del av SpareBank 1-alliansen og endra namn til SpareBank 1 Volda Ørsta. Hausten 2006 etablerte banken seg i Ulsteinvik, og to år seinare vart kontoret i Fosnavåg opna. I 2009 vart det juridiske namnet endra til SpareBank 1 Søre Sunnmøre.


Visjon og verdiar

SpareBank 1 Søre Sunnmøre skal vere ei drivkraft for å gjere det betre å bu og virke på Søre Sunnmøre. Visjonen uttrykker korleis banken ønskjer å bli oppfatta, samtidig som den gir ei retning internt. Med visjonen meiner banken at: Banken skal gjere sitt ytterste for at kundane når sine mål og draumar, ha eit sterkt samfunnsengasjement og vere ein aktiv støttespelar i lokalsamfunnet, vere ein aktiv part i utvikling av det lokale næringslivet og tenke berekraft i alt vi gjer.

Gjennom over 168 år har SpareBank 1 Søre Sunnmøre bidrege aktivt for å skape levande bygdebyar og lokalsamfunn. Dette kan vi vere stolte av, og denne lange tradisjonen skal vi føre vidare. Nær, dyktig, synleg og engasjert er våre kjerneverdiar. Desse verdiane skal hjelpe oss med å støtte opp under visjonen vår. Kjerneverdiar skal vise seg både i det vi seier og gjer, samstundes skal det utgjere grunnlaget for samhandlinga både internt og eksternt.

Dette betyr at vi skal vere:

- Nær i form av å vere folkelege, tilgjengelege og ha korte beslutningsvegar.
- Dyktige i form av å tilby kompetent og relevant rådgjeving og ha langsiktige relasjonar til kundane.
- Synleg i form av at vi skal vere i tett dialog med våre kundar og svært synlege i lokalsamfunna gjennom samfunnsengasjement, gåve og sponsoraktivitet
- Engasjerte i form av å vere svært proaktive overfor våre privat og bedriftskundar og vere bevisst på å støtte opp under ei berekraftig samfunnsutvikling.



Marknadsområde

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har forretningsadresse og hovudkontor i Volda, med avdelingskontor i tre andre kommunar på Søre Sunnmøre; Ørsta, Ulstein og Herøy. Banken har også eit mindre kontor i Oslo som betenar utflytta Søre Sunnmøringar. Banken er totalleverandør av produkt og tenester innan finansiering, sparing og plassering, forsikring og betalingsformidling.

Felleskontrollerte verksemdar

Banken har ein eigardel på 7,53 prosent av Samarbeidende Sparebanker (SamSpar) AS. Styringsstrukturen i SamSpar er regulert i ein avtale mellom eigarane som fyller krava til felleskontrollert verksemd.

Strategisk samarbeid

SpareBank 1-alliansen er eit bank- og produksamarbeid der SpareBank 1-bankane i Noreg samarbeider gjennom dei felleseigde selskapa SpareBank 1 Gruppen og SpareBank 1 Utvikling DA, med deira dotterselskap, i tillegg til fleire andre direkte eigde selskap. Alliansen er Noregs nest største finansgruppering og består av 14 sjølvstendige sparebankar som er fullverdige leverandørar av finansielle produkt og tenester til privatpersonar, bedrifter og organisasjonar.

Formålet med alliansesamarbeidet er å levere attraktive produkt og tenester. Det leggst vekt på gode kundeopplevingar for å bidra til SpareBank 1-bankane si konkurransekraft og lønsemd. Alliansesamarbeidet sin visjon er: Attraktiv for kundane og bankane. Kundane skal oppleve at SpareBank 1-alliansen er den beste på nærleik, lokal forankring og kompetanse.

SpareBank 1 Gruppen AS er morselskapet i konsernet som består av: SpareBank 1 Forsikring AS, Modhi, SpareBank 1 Factoring, SpareBank 1 Spleis AS og LOfavør AS. Morselskapet er eigd av: SpareBank 1 SR-Bank ASA (19,5 prosent), SpareBank 1 Nord-Norge (19,5 prosent), SpareBank 1 SMN (19,5 prosent), Samarbeidende Sparebanker AS (19,5 prosent), SpareBank 1 Østlandet (12,4 prosent) og LO/fagforbund tilknytt LO (9,6 prosent).

SpareBank 1 Utvikling DA leverer forretningsplattformer og felles forvaltnings- og utviklingstenester til alliansesbankane som kundar, og bidreg til at felles utvikling og felles aktiviteter gir bankane stordrifts- og kompetansefordelar. Utvikling leverar også felles IT-/mobilløysingar, merkevare- og marknadsføringskonsept, forretningskonsept, kompetanse, analyser, prosessar, beste praksisløysingar og innkjøp. Selskapet eig og forvaltar også dei immaterielle rettigheter til alliansen under det felles merkevarenamnet SpareBank 1.

SpareBank 1 Utvikling DA består av følgjande dotterselskap: EiendomsMegler 1 Norge AS, SpareBank 1

Kundesenter AS og SpareBank 1 Verdipapirservice AS. Selskapet er eigd av: SpareBank 1 SR-Bank ASA (18 prosent), SpareBank 1 SMN (18 prosent), SpareBank 1 Nord-Norge (18 prosent), Samarbeidende Sparebanker Utvikling AS (18 prosent), SpareBank 1 Østlandet (18 prosent) og SpareBank 1 Gruppen AS (10 prosent).

Andre strategiske egedelar i SpareBank 1 Søre Sunnmøre er SpareBank 1 Forvaltning AS, Eiendoms-Megler 1 Midt-Norge AS, SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS, SpareBank 1 Kreditt AS, SpareBank 1 Næringskreditt AS, SpareBank 1 Boligkreditt AS, SpareBank 1 Markets AS, SpareBank 1 Betaling AS og SpareBank 1 Regnskapshuset SMN AS, SpareBank 1 Bank og Regnskap AS, SpareBank 1 Gjeldsinformasjon AS.

Resultat for rekneskapsåret 2021

SpareBank 1 Søre Sunnmøre selde alle aksjane i det tidlegare heileigde dotterselskapet Eiksundregionen Eigedom AS ved utgangen av 2. kvartal 2021. Rekneskapsføring etter konsern opphøyrd dermed per 30.06.2021 og resultatrekneskapsen syner no kun resultatet i banken. Historisk resultat og balanse for banken er omarbeida frå historisk kost til eigenkapitalmetoden med omsyn på investering i den felleskontrollerte verksemda Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar).

Hovudtal

(Tal for 2020 i parentes)

- Resultat før skatt: 151,2 mill.kr (143,2 mill.kr)
- Resultat etter skatt: 130,8 mill.kr (116,8 mill.kr)
- Avkastning på eigenkapital: 9,4 prosent (8,9 prosent)
- Kostnadsprosent: 45,8 prosent (43,2 prosent)
- Tap i prosent av brutto utlån inkl. kredittføretak: 0,07 prosent (0,14 prosent)
- Samla prosentvis utlånsvest siste 12 månadar inkl. kredittføretak: 6,3 prosent (8,1 prosent)
- Innskotsvekst i prosent siste 12 månadar: 16,4 prosent (3,6 prosent)
- Rein kjernekapital forholdsmessig konsolidert: 18,8 prosent (18,4 prosent)

Verksemdsområde

Banken sin eigardel i den felleskontrollerte verksemda Samarbeidende Sparebanker AS på 7,53 prosent er rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden. Sjå i denne samanheng note 2 for meir detaljar.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre rapporterer årsrekneskapsen etter IFRS.

Eigenkapitalbevis

I banken er det utferda 1 mill. eigenkapitalbevis à kr 100. Per 31.12.2021 var det 402 eigenkapitalbevisegarar i banken.


Utvikling i resultat og balanse

Resultat

SpareBank 1 Søre Sunnmøre hadde eit resultat etter skatt i perioda på 130,8 mill. kr mot 116,8 mill. kr i same periode i 2020. Resultatframgangen kjem frå den underliggende drifta med auka inntekter frå utlån og provisjonar, og lågare tap og nedskrivningar. Netto rente- og provisjonsinntekter på totalt 232,9 mill.kr aukar 1,6 prosent tilsvarende 3,7 mill.kr samanlikna med 2020.

Tap og nedskrivningar er på 9,6 mill.kr i 2021 samanlikna med 24,0 mill.kr i 2020.


Resultat etter skatt i mill. kr og avkastning på eigenkapital



Auke i andre inntekter

Nettorenteinntekter inkl. provisjon frå kredittføretak aukar med 0,6 prosent tilsvarende 1,1 mill.kr og utgjør totalt 182,7 mill. kr. Auka utlåns- og innskotsvolum har bidrege til veksten. Stigande pengemarknadsrente dei to siste kvartalane har redusert utlånsmarginen, medan innskotsmarginen har betra seg.


Netto renteinntekter inkl. provisjon frå kredittføretak i mill. kr



Totale netto provisjonsinntekter ekskl. provisjon frå kredittføretaka er på 50,2 mill.kr. Veksten i andre provisjonsinntekter er på 4,8 prosent tilsvarende 2,6 mill. kr samanlikna med same periode i 2020, og utgjør 17

prosent av samla inntekter. Banken leverer vekst i provisjonsinntekter på dei fleste områder inkl. forsikring, sparing og plassering og betalingsformidling.

Inntekter i prosentvis fordeling av totale inntekter




Avkastning finansielle eignelutar

Netto avkastning på finansielle eignelutar er på 62,9 mill. kr mot 64,7 mill. kr i tilsvarende periode i 2020. Nedgangen skuldast negativ resultatteffekt frå verdiendring på finansielle eignelutar som reduserast med 6 mill. kr til 5 mill. kr i 2021. Utbytte frå direkte investeringar aukar 2 mill. kr til 13,9 mill. kr, medan resultat frå eigarandel i felleskontrollert verksemd aukar 2,2 mill. kr til 44,1 mill. kr samanlikna med 2020. Eit svært godt resultat frå Fremtind i 2021 er hovudårsaken til inntektsauken i felleskontrollert verksemd. I 2021 selde banken ein eigarandel på 0,3 prosent i selskapet Samarbeidande Sparebankar AS til SpareBank 1 Helgeland. Det blei bokført ein gevinst på 10,8 mill. kr i samband med denne transaksjonen.

Kostnader

Totale driftskostnader utgjør 135,7 mill. kr. Dei totale driftskostnadene aukar med 8,3 mill.kr, samanlikna med same periode i fjor. Hovudsakleg er auken knytt til slutt-pakkar for inntil fem tilsette, oppgjør i samband med salet av Eiksundregionen Eigedom AS og auka kostnader innanfor IT.

Driftskostnader i mill.kr



Kostnader i prosent av totale inntekter for banken utgjør 45,8 prosent per 31.12.2021 mot 43,2 prosent for tilsvarende periode i fjor.

Tap

Resultatrekneskaper er belasta med 9,0 mill. kr i tap i 2021 mot 16,7 mill. kr i 2020. Samla tapsføringar i resultatet utgjør 0,09 prosent av brutto utlån per 31.12.21. I perioden blei det konstatert tap på 4,7 mill. kr, som i hovudsak var relatert til salet av Eiksundregionen Eigedom AS.

Per 31.12.2021 utgjør totale tapsavsetningar på balansen 61,0 mill. kr før tilbakeføring av verkeleg verdi over resultatet. Dette tilsvarar 0,56 prosent av brutto utlån og garantiar. Tapsavsetningar under trinn 3 utgjør 0,28 prosent av brutto utlån og garantiar. Tapsavsetningar på utlån er fordelt med 42,7 mill. kr til bedriftsmarknaden og 18,3 mill. kr på utlån til privatmarknaden før tilbakeføring knytt til verkeleg verdi over utvida resultat.

Balansutvikling

Forvaltningskapitalen utgjør 11.921,4 mill. kr og er auka med 1.116,0 mill. kr sidan 31.12.2020. Dette svarar til ein 12 mnd vekst på 10,3 prosent.

Forvaltningskapital inklusiv lån selde til SpareBank 1 Boligkreditt AS og Næringskreditt AS er på 15.598,5 mill. kr og har auka med 1.405,9 mill. kr sidan 31.12.2020. Dette svarar til ein 12 mnd vekst på 9,9 prosent. Sjå note 15 for meir detaljar om kredittføretaka SpareBank 1 Boligkreditt AS og SpareBank 1 Næringskreditt AS.


Utlån til kundar

Brutto utlån på eigen balanse er 9.705,8 mill.kr per 31.12.21 (9.204,5 mill. kr). Dette gir ein 12 – måneders vekst på eigen balanse på 501,3 mill.kr tilsvarende ein auke på 5,4 prosent sidan 31.12.20. Veksten inklusive lån selde til SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt er på 6,3 prosent og svarar til totale utlån eigd og forvalta av banken på 13.382,8 mill. kr (12.591,6 mill. kr).

Ved årsskiftet var porteføljene i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt høvesvis 3.522,2 mill. kr (3.228,3 mill. kr) og 154,9 mill. kr (158,8 mill. kr).

Totale utlån til privatmarknaden, inkludert utlån selde til SpareBank 1 Boligkreditt, har auka med 801,5 mill. kr til 11.308,7 mill. kr. Dette gir ein 12 mnd vekst på 7,6 prosent. Totale brutto utlån til bedriftsmarknaden, inkludert lån selde til SpareBank 1 Næringskreditt, er på 2.074,1 mill.kr. Dette er ein reduksjon på 10,3 mill. kr, og svarar til ein 12 mnd vekst på -0,5 prosent.


Brutto utlån inkl. kredittføretak i mrd.kr og 12 mnd prosentvis vekst



Innskot frå kundar

Innskot har auka med 1.181,3 mill. kr siste 12 månader til 8.397,1 mill. kr ved utgangen av 31.12.21. Dette svarar til ein 12 - måneders vekst på 16,4 prosent.

Innskot i mrd. kr og innskotsdekning eigen balanse og inkl. kredittføretak



Innskot frå personkundar er auka med 364,6 mill. kr til 4.957,2 mill. kr, og dette svarar til ein vekst på 7,9 prosent siste 12 månader. Innskot frå næringslivskunder er auka med 816,7 mill. kr til 3.439,9 mill. kr siste 12 månader, noko som svarar til ein auke på 31,1 prosent.

Likviditet

Det er god tilgong på funding i marknaden og banken gjer tilbakekjøp og nye utferdingar av obligasjonar for å oppretthalde ein god balanse i forfallsstrukturen på ekstern funding.

Samla nominell verdi av obligasjonsfinansiering utgjør 1.810 mill. kr. Forfallsstrukturen med attståande løpetid er fordelt med 575 mill. kr under 1 år, 610 mill.kr mellom 1 og 3 år, og 625 mill. kr løpetid med over 3 år.

Innskotsdekninga på eigen balanse er på 86,5 prosent (78,8 prosent) 31.12.21 og 62,7 prosent (58,9 prosent) inkl. utlån selde til kredittføretak.

Obligasjonsporteføljen er stabil, og er tilpassa endra likviditetskrav. Banken rapporterer ein LCR på 163 prosent per 31.12.21.

Utbyttepolitikk og resultatdisponering

Årsresultat til disponering i 2021 er på 126,0 mill. kr (130,9 mill. kroner).

Del av eigenkapital tilordna eigenkapitalbevisegarane er 10,28 prosent. Resultatet per eigenkapitalbevis er 12,95 kr for året i banken. Det vert foreslått å dele ut utbytte på 61,7 prosent av årets resultat. Styret foreslår dette til å vere 8 kr per eigenkapitalbevis.

Styret foreslår at banken sitt resultat disponerast slik (tal i heile tusen kroner):

Overført til sparebankens fond:	98.092
Overført til utjamningsfond:	12.952
Avsett til gåvefondet:	15.000

Sum disponert: 126.044

Soliditet

Banken sin soliditet er god. Per 31.12.2021 er rein kjernekapital i banken på 18,6 prosent.

Som følgje av at banken har eigarandelar i samarbeidande grupper utfører banken forholdsmessig konsolidering. Rein kjernekapital forholdsmessig konsolidert er 18,8 prosent og 3,7 prosentpoeng over det regulatoriske kravet inkludert intern buffer. Kjernekapital utgjør 19,8 prosent og kapitaldekninga 22,2 prosent.

Uvekta kjernekapitalandel (LR – leverage ratio) utgjør 8,4 prosent.

Motsyklisk buffer blei av Finansdepartementet etter råd frå Norges Bank redusert frå 2,5 prosent til 1 prosent den 13. mars 2020. Det regulatoriske kravet på rein kjernekapital er etter dette 14,1 prosent. Det interne kravet på rein kjernekapitaldekning er 15,1 prosent.

Norges Bank har i seinare tid gitt Finansdepartementet råd om å auke motsyklisk buffer til 1,5 prosent med verknad frå 30.juni 2022 og 2,0 prosent med verknad frå 31.12.2022. I tillegg vil systemrisikobuffer bli auka frå dagens nivå på 3,0 prosent til 4,5 prosent med verknad frå 31.12.2022.

Overordna risikostyring

Styret i banken har som målsetting at banken sin risikoprofil skal vere moderat til låg.

Banken nyttar ekstern funksjon for internrevisjon. PwC er banken sin internrevisjonspartner.

Marknadsmessige ambisjonar skal nøye balanserast mot finansiell evne til å ta på seg risiko. Styret har vedteke retningslinjer knytt til dei ulike risikoområda med årleg oppdatering. Banken er eksponert for kreditt-, marknads- og likviditetsrisiko, samt rente- og operasjonell risiko.

Kredittrisiko

Kredittrisiko vert definert som risiko for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne til å oppfylle sine forplikningar overfor banken. Styret har som policy at banken skal ha ein moderat kredittrisikoprofil eller betre. Kredittrisikoen er definert til å vere det vesentlegaste risikoområdet i banken si verksemd, og er under kontinuerleg overvaking.

Banken har størst utlån i personmarknaden. Av totale engasjement, inkludert overførte lån til Boligkreditt og Næringskreditt, utgjør personmarknaden 85 prosent av totale engasjement.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre låner primært ut til privatpersonar i kommunar på Søre Sunnmøre og elles til personar hovudsakleg rundt Oslo-området, og andre store byar der kunden har tilknytning til området vårt. Gjennom store delar av 2020 påverka Covid-19 samfunnsstrukturen og aktiviteten i samfunnet. Sjølv om det gjennom 2021 også var fleire perioder med strenge smitteverntiltak har banken i stor grad operert som normalt. Perioder med stengde kundesoner har hatt lite innverknad på drifta då kundar har hatt høve til å avtale eigne møter med rådgjevarar. Bruk av digitale kundemøter har også vorte ein større del av arbeidskvardagen.

På bedriftsmarknaden jobbar banken direkte mot totalkundar i SMB-segmentet og lokale bedrifter.


Eksponering utanfor balansen (unytta kredittar, garantiar og tilsagn) har i 2021 auka med 74,6 mill. kroner og utgjør totalt 1.002,4 mill.kroner.

Banken arbeider kontinuerleg for å sikre bransjespreiing og har rammer for eksponering i ulike bransjar. Dei største bransjane er eigedomsdrift og offshore. Fordelinga av totale engasjement syner at det er god bransjespreiing i bedriftsmarknadsportefølja.

Andelen oljerelaterte engasjement utgjør 11 prosent av samla volum av utlån og garantiar innan bedriftsmarknaden. Dette er ein reduksjon på 3,6 prosentpoeng samanlikna med 31.12.20. I prosentdel av totale utlån og garantiar i banken inkludert lån selde til kredittføretak utgjør oljerelaterte engasjement 1,8 prosent.

Det vert jobba kontinuerleg for å utnytte kompetansen best mogeleg og effektivisering av kredittarbeidet.

Bransjespreiing målt som prosentvis andel av total eksponering i bedriftsmarknadportefølja



Banken fordeler alle kundar i utlånsporteføljen på risikogrupper der inndeling vert bestemt etter sannsynlighet for misleghald. Dette vert kalkulert ut frå objektive historiske data. 73,2 prosent av banken si portefølje ligg i kategoriane svært låg til låg risiko, og 93,4 prosent av porteføljen er kategorisert innan middels risiko eller lågare. Sjå note 18 for meir detaljar om definering av risikokategoriar.

Definisjonen av misleghaldne engasjement vart endra med ved verknad frå 01.01.2021, jf kapitalkravsforordninga (CRR art.178), og finanstilsynet sitt rundskriv 4/2020, Identifisering av misleghaldne engasjement. Endringa medfører at fleire engasjement vert å rekne som misleghaldne. I tillegg til betalingsmisleghald over 90 dagar, konkurs og tapsføring, vil no mellom anna også engasjement med kvalifisert svekka kredittverdighet, endringar av betalingsvilkår som i kvalifisert grad reduserer verdien av kontantstraumen, ettergjeving av gjeld mm. (Unlikelihood to pay) verte definert som misleghaldne.

Endringa har medført ei monaleg auke i bankens misleghaldne engasjement, som per 31.12.2021 utgjer kr 153,2 mill. Auken relaterer seg i stor grad til offshorebransjen der eit engasjement på 101 mill.kr har blitt forberance merka.

I samband med innføring av ny misleghaldsdefinisjon vart det også innført krav om merking av kundar som får endra vilkår/betalingslette på grunn av økonomiske problemer (Forbearance). Per 31.12.2021 var kr 276,8 mill. merka med forbearance i bankens portefølje. Misleghaldne lån vil ofte også vere merka med forbearance, og desse inngår i beløpet.

Banken har kontinuerleg søkelys på engasjements-, og misleghaldsoppfølging på eit tidlegare stadium og

ser positive effektar av dette. Styret følgjer utviklinga kvartalsvis når det gjeld misleghald, tap og porteføljen si utvikling i risikoklasser. Styret vurderer kredittrisikoen til å vere relativt låg for personmarknaden. Covid-19 og langtidseffekter er det stor usikkerheit knytt til konjunktursituasjonen. Banken er lite eksponert mot bransjar som er direkte råka av restriksjonar som følgje av smittevernstiltak. Utlånsportefølja er under tett oppfølging og det har ikkje vore gjort individuelle tapsavsetningar direkte som følgje av Covid-19. Totalt sett har bedriftsmarknaden noko høgare, men akseptabel kredittrisiko. Sjå note 2 og 17 for meir informasjon.

I 2021 blei det konstatert tap på 4,7 mill. kr, som i hovudsak var relatert til salet av dotterselskapet Eiksund-regionen Eigedom AS.

Det er fortsatt knytt stor usikkerheit til makroøkonomiske måltal framover som følgje av Covid-19 og ringverknadane nasjonalt og internasjonalt. Dette kjem til dømes til uttrykk gjennom stigande inflasjon og kapasitetsbegrensingar i form av flaskehalsar i logistikk og tilgong på innsatsfaktorar. Tilløp til knappheit på energi har ført til sterk auke i olje- og gassprisar. Om prisane stabiliserer seg på høgare nivå kan det vere positivt for investeringar på norsk sokkel. Covid-19 kan gi ringverknadar som ikkje er fanga opp i banken sine analyser og det er vurdert at det store utfallsrommet aukar risikoen for uforutsette tapshendingar.

Styret vurderer kredittrisikoen i kredittporteføljen til å vere på eit akseptabelt nivå.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko vert definert som risiko for at banken ikkje klarer å oppfylle forplikingane sine og/eller finansiere auke i eignelutar utan at banken vert påført vesentlege ekstrakostnader.

Banken har som mål å ha ei likviditetsreserve tilsvarande minst 12 månader netto finansieringsbehov utan tilgang på ekstern finansiering.

Ved årsskiftet hadde banken ekstern finansiering på i alt 2018,0 mill. kroner inklusive fondsobligasjon og ansvarleg lån, tilsvarande 17,7 prosent av GFK, mot 19,2 prosent ved førre årsskifte.

Banken er medeigar i SpareBank 1 Boligkreditt og hadde ved utgangen av året 3.522,2 mill. kroner (3.228,3 mill. kroner) av låna overført til Boligkreditt. Per 31.12.2021 har banken ei portefølje på klargjorte lån for overføring til Boligkreditt på 3,1 mrd. kroner.

Banken har innvilga kreditttramme på 100 mill. kroner på oppgjerskonto i SpareBank 1 SMN. Per 31.12.2021 var det ikkje trekk på denne.

Ved årsskiftet hadde 68 prosent (78 prosent) av den samla eksterne finansieringa ei attståande løpetid på over eitt år. Banken har ikkje hatt problem med å refinansiere lån i løpet av året.

Innskot frå kundar er banken si viktigaste finansieringskjelde. Ved årsskiftet var innskotsdekninga 86,5 prosent (78,8 prosent). Innskotsdekninga inkludert Bolig- og Næringskreditt var 62,7 prosent (58,9 prosent).

Forholdstalet for likviditetsreserven (Liquidity Coverage Ratio - LCR) var per 31.12.2021 på 163 prosent (205 prosent).

Styret vurderer likviditetsrisikoen til å vere godt innanfor det forsvarlege og i samsvar med vedteken strategi og policy for likviditetsrisiko.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risiko for tap som følgje av endringar i marknadsprisar på renter, valutakursar og verdipapirkursar. Plasseringane i obligasjonar og obligasjonsfond utgjør 391,8 mill. kroner (527,1 mill. kroner) ved årsskiftet.

Risikostorleiken vert overvaka løpande og følgd opp gjennom rapportering til styret. Styret vurderer kursrisikoen knytt til banken si beholdning av verdipapir til å vere låg.

Renterisikoen er hovudsakleg knytt til statsobligasjonar, fastrentelån og -innskot. Store delar av statsobligasjonar og fastrentelånsporteføljen er sikra gjennom rentebytteavtalar. Styret vurderer renterisikoen løpande. Sjå note 22 for meir detaljar om renterisiko.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har ei avgrensa og låg eksponering i valuta.

Operasjonell risiko

Proessen for styring av operasjonell risiko i SpareBank 1 Søre Sunnmøre skal i størst mogleg grad sikre at ingen enkelthendingar forårsaka av operasjonell risiko skal kunne skade bankens finansielle stilling i alvorleg grad.

Banken har ei risikobasert tilnærming kor styring av risikoen er basert på innsikt og kunnskap om kva som skaper og driv den operasjonelle risikoen i banken, og skal i størst mogleg grad foreine effektive prosessar med ønska nivå for risikoeksponering.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har etablert ein systematisk prosess for å identifisere og kvantifisere operasjonelle risikoar som banken til ei kvar tid er eksponert for. Det er vidare etablert prosessar for kontinuerleg forbetring som til dømes utvikling av organisasjonens kompetanse, avviksregistrering og strukturert oppfølging av forbetringstiltak.

Det er registrert ei auke i målretta og vondsinna angrep mot finansnæringa sine IT-system. Datakriminalitet/hacking utgjør ein vesentleg risiko for næringa. Ein ser ei stadig aukande digitalisering og endringstakt i bransjen som igjen endrar eksponeringa for operasjonell risiko. Risiko for cyberangrep og hacking er ein av bankens prioriterte risikoar.

Banken har gjennom dei siste åra hatt fokus på kvalitets-sikringsarbeid og styrka ma. prosessane rundt det å førebygge og handtere kvitvasking og terrorfinansiering, handsaming av personopplysningar og oppfølging av utkontrakteringsavtaler

Oppsummering

Styret har i strategiplanen for 2022-2024 vedteke ein moderat til låg risikoprofil. Det ligg føre styrande dokument for dei ulike risikoområda og styret får rapportar om utviklinga. Dei ulike dokumenta er gjenstand for årleg oppdatering og reviderast i takt med nye krav og reglar som vert pålagt bankdrifta. Dei siste åra er arbeidet med å kontrollere og redusere dei ulike risikoane auka. Det er stort søkelys mot rapportering av uønska hendingar eller avviksregistreringar for å overvake og gjere tiltak med omsyn på operasjonell risiko. Internrevisjon vart implementert i 2014 og styret ser på aktiviteter sidan oppstarten som ei ytterlegare styrking av arbeidet med risikoreduserande tiltak.

Det er styret si oppfatning at SpareBank 1 Søre Sunnmøre arbeider godt med internkontroll og risikostyring.

Organisasjon og styring

Styring av verksemda

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har vedteke tydelege etiske retningslinjer og har interne prosedyrar for å sikre at tilsette etterlev desse. For å utvikle eit godt tillitsforhold mellom banken og dei viktigaste interessegruppene, er det også nødvendig med gode styringssystem for verksemda.

Dette betyr mellom anna at banken må ha:

- Eit kompetent og uavhengig styre
- Gode interne styringsprosessar
- Ein objektiv og uavhengig eksternevisjon
- Open og god kommunikasjon med tilsette og omgjevnadane

Styremedlemene har yrkesbakgrunn frå område som er typiske for næringslivet i distriktet, jamfør eigen omtale av styret. Banken sitt styre arbeider etter ein styreinstruks og årsplan, og har også årleg vurdering av arbeidsforma med sikte på forbetringar. Styret fokuserer på strategiske spørsmål og vedtek/reviderer årleg strategidokumentet til banken.

Styret og leiande tilsette er omfatta av den løpande styreansvarsforsikringa. Forsikringa er plassert hjå forsikringsrådgjevar med solid kredittrating.

Banken sin interne og eksterne revisor arbeider etter ein årleg plan for revisjonsarbeidet. Ekstern revisor deltek i styremøtet der årsoppgjeret vert handsama. Internrevisor avgir ei uavhengig vurdering av internkontrollen og total kapitalbehovet til banken.

Revisjons-, risikostyrings- og godtgjeringsutval

Banken sitt styre har vedteke at heile styret skal utgjere banken sitt revisjonsutval, risikostyringsutval og godtgjeringsutval.

Eigarstyring og selskapsleiing

Eigarstyring og selskapsleiing omfattar dei mål og overordna prinsipp som banken vert styrt og kontrollert etter for å trygge innskytarane, eigenkapitalbevis-eigarane, investorar og andre interessentar.

Etterleving

Banken har ein etterlevingsfunksjon og delar av arbeidet vert utført av eit etterlevingsutval som syter for at banken har system og prosessar for etterleving av gjeldande regelverk og at komande endringar vert implementert.

Styring av verksemda skal sikre ei forsvarleg formueforvaltning og bidra til at kommuniserte mål vert nådd og planar realisert. Banken sine styringsdokument omfattar strategiplan som vert revidert årleg, strategi- og policydokument som regulerer ulike sider ved banken si verksemd og administrativt utarbeidde retningsliner som supplerer desse. Marknaden vert fortløpande halden orientert om banken si utvikling gjennom årsrapportar, kvartalsrapportar, Pilar 3, børsmeldingar og pressemeldingar elles.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre er ein institusjon som har innretta verksemda si i tråd med gjeldande lover, føreskrifter og vedtekter.



Samfunnsansvar og berekraft

I 168 år har banken hatt ei viktig rolle som samfunnsaktør i dei lokalmiljøa vi er ein del av. I dag er SpareBank 1 Søre Sunnmøre sin ambisjon å vere ei bedrift som bidreg til eit meir klimavenleg og berekraftig samfunn. Fokuset på klima og berekraft er sterkt aukande i samfunnet og banken ønskjer å bli tydelegare både på korleis vi kan bidra og korleis vi bør kommunisere dette. Ikkje berre fordi tematikken i aukande grad er viktig for våre interessantar, men fordi det er det riktige å gjere. Vi ønskjer å vere ei miljødrivkraft i vårt marknadsområde.



I januar 2019 vedtok styret i SpareBank 1 Søre Sunnmøre ein strategi for samfunnsansvar og berekraft. Denne seier mellom anna at SpareBank 1 Søre Sunnmøre skal ta omsyn til miljø, klima, etikk og sosiale forhold i heile banken si verksemd. I året 2021 er følgjande konkrete tiltak gjennomført innan berekraftsområdet:

- Gjennomført Miljøfyrtårnsertifisering av alle bankens kontor.
- Tatt i bruk eigen ESG-modul i kredittarbeidet på bedriftsmarknaden. Modulen blir brukt til å vurdere berekraftsperspektivet ift. den enkelte bedriftskunde.
- Gjennomført eige ESG-prosjekt saman med PwC for å kartlegge myndigheitskrav og avklare ambisjonsnivå innanfor området.
- Starta eit eige kompetanseløft i organisasjonen med spesiell fokus på bedriftsmarknaden.

Miljøfyrtårnsertifisering

I 2021 har banken gjennomført Miljøfyrtårnsertifisering. Sertifiseringa er omfattande og dreier seg om heile bankens drift. Her er nokre døme på områder vi har jobba mykje med i denne samanhengen:

- Overordna strategiar, prinsipp og retningslinjer for berekraftsområdet.
- Oppdatert innkjøpspolicy og leverandørvurderingar.
- Betydelege driftsmessige tiltak, spesielt innanfor energieffektivisering.

FN sine berekraftsmål

FN sine 17 berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for ei berekraftig framtid og inneheld mål som å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. SpareBank 1 Søre Sunnmøre støttar opp under FN sine 17 berekraftsmål.

Som bank kan vi påverke dei fleste av måla, men vi har gjennom interne arbeidssamlingar med alle tilsette og gode diskusjonar i leiinga identifisert nokre prioriterte mål for vår verksemd.

Mål 8: Fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing og anstendig arbeid for alle.

Mål 11: Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige.

Mål 12: Sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster.

Mål 14: Bevare og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling.

I tillegg ligg FN sitt berekraftsmål nummer 17, samarbeid for å nå måla, i kjerna av all vår verksemd. Dette skal gjennomsyre alt vårt arbeid.




Grøne produkt

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har som strategi å vere ein pådrivar for det grønne skiftet i vårt marknadsområde. Forbrukarane i dagens samfunn blir stadig meir bevisste og SpareBank 1 Søre Sunnmøre forventar høgare ettersørsel etter grønne låneprodukt.

I 2019 lanserte SpareBank 1 Søre Sunnmøre fire grønne låneprodukt; Grønt bustadlån, Grønt næringslån, Miljølån og Elbillån. I 2020 lanserte banken også lån til kjøp av elsykkel. Dette er eit ledd i vår strategi at det skal lønne seg for folk flest å tenke miljø.

Per 31.12.2021 hadde banken eit volum på 63,4 mill.kr fordelt på 34 grønne låneprodukt. Volumet er så langt relativt lite, men det er ei auke frå 2020 på høvesvis 10,8 mill.kr og 10 låneprodukt.

Totale utlån til grønne låneprodukt i mill.kr



Gåver og sponing til allmenntilgjeldende føremål

SpareBank 1 Søre Sunnmøre sin visjon er å vere ei drivkraft for å gjere det betre å bu og virke på Søre Sunnmøre. Som lokal sparebank har vi lang tradisjon med å vidareføre delar av overskotet tilbake til lokalsamfunnet gjennom gåver og sponing. Totalt vart det satt av 15 mill.kroner til gåvefondet av overskotet til banken i 2021. Det er frå gåvefondet det vert delt ut utbytte til lokalsamfunnet. I tillegg sponsar banken over 40 lag og organisasjonar.

For banken er det viktig at overskotet kjem lokalsamfunnet til gode, og at prosjekta som vert støtta har stor breidde. På denne måten skal overskotet treffe alle, anten det er idrett, kultur, humanitært eller andre allmenntilgjeldende føremål.

Ansvarleg innkjøp

Berekraft i innkjøp omhandlar leverandøren si bevisstheit om leverandørkjeda og arbeidet dei gjer for å redusere negativ påverknad av miljø, sosiale forhold og etisk forretningsverksemd i heile leverandørkjeda. SpareBank 1 set krav til leverandørane om at dei har retningslinjer innan berekraft, og at disse skal omsetjast til handling.

Det er gjennomført risikovurdering av leverandørane i samband med negativ påverknad av miljø, sosiale forhold og etisk forretningsverksemd. Leverandørar som vert vurdert i å ha auka risiko, vert følgt opp fortløpande. Målet er å vidareutvikle arbeidet med leverandørane når det gjeld bevisstheit om nemnde risiko.

SpareBank 1 Utvikling har på vegne av SpareBank 1-alliansen innarbeidd retningslinjer for menneskerettigheter i sin innkjøpspolicy. SpareBank 1-alliansen sin innkjøpspolicy krev at alle innkjøpsavtalar inkluderer eit vedlegg om samfunnsansvar. Det følger ei varslingsplikt frå leverandøren si side, der ein vert pålagt å følge opp underleverandørane. Brot på retningslinjer om samfunnsansvar vert å sjå på som kontraktsbrot og kan gi grunnlag for heving av avtalen.

Den delen av innkjøpa som går utanfor SpareBank 1-alliansen sin innkjøpspolicy vert gjennomført med same fokus på leverandørane si bevisstheit på å redusere negativ påverknad av miljø, sosiale forhold og etisk forretningsverksemd i heile verdikjeda.

Menneskerettar

Banken har ikkje utarbeidd eigne retningslinjer på dette området. Risikoen for brot på menneskerettighetene er liten fordi banken har si drift i Noreg og opererer etter gjeldande nasjonale lover, reglar og konvensjonar.

Vi meiner at banken sine etiske reglar er dekkande som retningslinjer. Bankens etiske reglar gir retningslinjer på korleis tilsette og tillitsvalde skal opptre og kva haldningar som skal ligge til grunn i samband med avgjerder i ulike situasjonar.

Tiltak internt

Alle transportmidlar som banken disponerer til eige bruk er elektrifisert, og vi har tilrettelagt for opptil 10 samtidige elbilladingar ved banken sitt hovudkontor i Volda. Tilsette som køyrer privat elbil til og frå jobb kan lade bilen sin på jobb. I 2021 har vi også opna opp for at kundar og andre kan bruke ladestasjonane våre utanfor banken si opningstid. Stasjonane er tilgjengelege gjennom appen EasyPark og tilbyr lading til fornuftige prisar.

Banken har også anskaffa 10 elsyklar. Syklane er distribuert ut på kvart bankkontor og blir hovudsakleg brukte av banken sine tilsette. I tillegg har banken ved fleire høve opna for at banken sine kundar kan låne elsyklar og disponere dei nokre dagar. På denne måten kan banken påverke til ein auke i bruk av sykkel som erstatning for bil.

Straumforbruket blir følgt opp jamleg bl.a. gjennom vekentleg rapportering frå Energinet, og rapportert internt på målekort på månadleg basis. Alle energi-effektiviserande tiltak som vi gjennomførte i 2020 har blitt vidareført i 2021 og enkelte har blitt forsterka. Enkelte tiltak gjennomført i samband med Miljøfyrtårn-sertifiseringa har også gitt positiv effekt og vi har oppnådd ein reduksjon i straumforbruket i kWh frå 2020 til 2021 med 4,8 prosent totalt sett.

Sjølv om det er innført lading av både bilar og syklar, har tiltaka medført at det totale straumforbruket har gått ned. Reduksjonen i forbrukt kWh overgår altså det meirforbruket banken har til lading av bilar og syklar.


Her er oversikt over total straumforbruk ved hovudkontoret i Volda siste fem år:

År	kWh			Endring frå førre år
	elbil-lading	kWh elles	kWh totalt	
2017	-	412.902	412.902	-
2018	3.160	424.552	427.712	3,6 %
2019	17.635	475.865	493.501	15,4 %
2020	23.250	406.046	429.296	-13,0 %
2021	19.659	373.444	393.103	-8,4 %

Straumforbruket ved alle bankkontora vert følgt opp nøye. Der er variasjonar på kontornivå og ambisjonen er å redusere totalforbruket ytterlegare ved å gjennomføre enkelttiltak.

Alt avfall i banken vert kjeldesortert. Dette inneber at banken har miljøstasjonar på alle kontor, der alle tilsette skiljer i høve 4 kategoriar – papp/papir, plast, matavfall og restavfall. I tillegg har banken innført makulering av papiravfall på eige hus.

Straumforbruk i kWh, hovudkontoret i Volda



Personal, informasjonssikkerheit og personvern

Heile finansnæringa opplever utfordringar i samanheng med auka cyberkriminalitet. Dette omfattar auke av tilfelle der aktørar fiskar etter spesielt kort- og BankID-informasjon med mål å misbruke dette til eiga vinning. Ein annan aukande trussel er faren for å bli utsett for ransomware-angrep. Sikkerheitsarkitektur og løysingar tilpassa nye truslar blir prioritert høgt.

Policy for sikkerheit i SpareBank 1-alliansen er det grunnleggande styringsdokumentet for all behandling av informasjon. Banken har ein eigen policy for utkontraktering av IT-tenester og ein felles sikkerheitsstrategi som gjeld heile alliansen.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har via Samspar eit samarbeid med SpareBank 1 Utvikling som utførande samarbeidspartnar på fleire områder, som cybersikkerheit og døgnkontinuerleg vakt for handtering av hendingar. TietoEvry leverer felles grunnplattform på klientar og server til SpareBank 1-alliansen. Det sikrar blant anna at nyare versjonar av operativsystem vert nytta og at operativsystem vert halde oppdatert med sikkerheitsoppdateringar.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har etablert fleire sikrings tiltak innanfor informasjonssikkerheit, der opplæring og bevisstgjering står sentralt. Kompetanse- og haldningsprogrammet for informasjonssikkerheit, Passopp, bidreg til å styrke sikkerheitskulturen i heile organisasjonen. Resultat frå Passopp og eigne testar vert nytta for å vurdere vidare behov for informasjon og opplæring.

Bankar forvaltar store mengder persondata og det vert stilt strenge krav til handsaming av kundeinformasjon. Auka digitalisering set også stadig større krav til at sikkerheit og beskyttelse av enkeltindivid sitt personvern vert ivaretatt ved utvikling av tenester og produkt.

Personvern i bank handlar om å sikre naudsynt konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit til alle personopplysingar som er eigd, handsama eller forvalta av banken. Banken sin policy for personvern set ramme og krav til behandling av personopplysingar, samt krav til fordeling av ansvar og roller i personvernarbeidet. Banken har utpeikt eit personvernombod som legg til rette for behandlingsansvarleg i arbeidet med å ivareta

krav til behandling av personopplysingar. Banken har jamleg revisjonsprosjekt for å sikre etterleving på området og for å avdekke forbedringspunkt.

I 2021 har banken hatt fokus på utbetring av rutineverk på marknadsretta aktivitetar, tilfredsstillande hand-saming av brot på personopplysingssikkerheita og utbetring av risikovurderingar ved utvikling av nye produkt og tenester. Banken har ein låg terskel for å melde brot på personopplysingssikkerheita til Datatilsynet som tilsynsmyndigheit. Banken har ikkje motteke bøter eller pålegg frå Datatilsynet gjennom året.

For 2021 er målet til banken å halde fram med å tydeleggjere ansvar og roller, utvikle fleire former for opplæring, vidareutvikle interne rammeverk, og utvikle ytlegerare god praksis og bevisstgjering i alle ledd i verksemda.

Helse, miljø og sikkerheit

SpareBank 1 Søre Sunnmøre skal vere ein attraktiv arbeidsplass som involverer medarbeidarane i utviklinga av banken. Banken er opptatt av å ivareta medarbeidarane på ein best mogleg måte gjennom systematisk HMS-arbeid. Det skal vere ein open dialog mellom leiing og tillitsvalde, og leiinga vil strekke seg langt for å sette i verk tiltak for å betre arbeidsmiljøet i banken.

Banken vil kontinuerleg ha fokus på arbeidet med helse, miljø og sikkerheit. Dette vert følgt opp ved hjelp av tiltak basert på resultat frå risikokartleggingar, bedriftshelseteneste og årlege medarbeidarundersøkingar. Banken har eit robust rammeverk på organisasjonsområdet som sørger for at arbeidstakarrettighetene blir oppfylt. Dømer på dette er m.a. personalhandbok, HMS-handbok, leiarhandbok, IA-avtale og etiske retningslinjer.

Banken har ulike utval for å sikre at desse retningslinene, prinsippa, prosedyrane og standardane blir omsette til handling. Døme på utval er samarbeidsutval, tilsette-utval, arbeidsmiljøutval, tillitsvalde, verneombod og bedriftshelseteneste.

Med bakgrunn i å motivere og stimulere til fysisk helse har banken støtteordningar for medarbeidarar med tanke på medlemskap på treningssenter.


Det vert årleg gjennomført vernerunde i samarbeid med bedriftshelsetenesta. Rapporten vert lagt fram for Arbeidsmiljøutvalet, og i samarbeid med leiing og tillitsvalde vert eventuelle forbetringstiltak sett i verk. Alle medarbeidarar får tilbod om å nytte seg av bedriftshelsetenesta. Alle over 55 år får årleg helsekontroll av lege, og dei under 55 år får tilbod om helsekontroll kvart andre år.

Banken gjennomfører årlege medarbeidarundersøkingar som tek temperaturen på viktige forhold relatert til arbeidsmiljøet. Resultata av undersøkinga vert lagt fram for styret, leiing, tillitsvalde/verneombod, samt til tilsette og leiarar på avdelingsnivå. Dette vert vidare følgd opp med eventuelle forbetringstiltak.

Det vart ikkje gjennomført undersøking i 2021, då SpareBank 1-alliansen gjennomførte ein prosess i samband med å evaluere dagens ordning mot ei framtidig og meir dynamisk måling. Den nye systemet for medarbeidarundersøking vert implementert i løpet av 2022.


Banken har avtale om inkluderande arbeidsliv og er medlem av den lokale bedriftshelsetenesta. Banken sitt totale sjukefråvær i 2021 var på 4,84 prosent mot 5,21 prosent i 2020. Banken har eit lågt korttidsfråvær (1-8 dagar) på 0,62 prosent. Det vert gjennomført tette oppfølgingsprosessar på dei langtidssjukmelde, der det vert sett fokus på restarbeidsevne og oppfølgingsplanar.

Sjukefråvær fordelt på kvinner og menn



Målet til banken er å ha eit sjukefråvær på nivå med bransjen og som er i underkant av 4 prosent.

Fråvær pga. sjuke barn, målt i dagsverk



Fråværet i 2021 er noko høgare enn målet, men har ein nedgåande trend og med ei forventning på at sjukefråværet over tid vil stabilisere seg rundt målsetjinga i løpet av 2022. Banken har prosessar for oppfølging av sjukmelde på både kort og lang sikt.

Det vert arbeidd målretta innanfor sikkerheit med årlege gjennomgangar av rutinar og opplæring. Banken har eit system for avviksregistrering som bidreg til å oppretthalde fokus og kvaliteten i dette arbeidet. I tillegg til den årlege vernerunda som Bedriftshelsetenesten gjennomfører i samarbeid med verneombodet er dette eit ledd i å trygge arbeidet rundt helse miljø og sikkerheit. Det har ikkje blitt registrert arbeidsrelaterte skadar eller ulykker i 2021.

Banken har felles Samarbeids- og Arbeidsmiljøutval. Utvalet består av tre representantar frå dei tilsette og tre frå leiinga. Begge fagforbunda, Finansforbundet og LO-finans, er representerte i desse utvala. Utvalet har hatt 6 møter i løpet av 2021. Bedriftsavtalen vart vedteke på nytt i 2021 og gjeld ut 2022.


Med bakgrunn i det systematiske arbeidet som vert gjennomført innan HMS, forventar banken å oppretthalde kvaliteten i arbeidet i tida framover. Banken ser ingen vesentlege endringar i rammevilkåra på dette området i nær framtid.

Banken vart Miljøfyrtårnsertifisert i løpet av 2021 og dette er med på å styrke arbeidet rundt HMS i banken.

Tilsette og kompetansebygging

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har ved årsskiftet 63 fast tilsette som tilsvarar 63 årsverk. Dette er ein reduksjon på to tilsette frå 2020. Gjennomsnittsalderen er på 46 år og banken har ei god aldersfordeling.

Aldersfordeling på tilsette



Banken satsar sterkt på kompetansebygging. Gjennom SpareBank 1-samarbeidet vert det lagt til rette for omfattande kompetansebygging gjennom ein kompetanseportal med tilgang til e-læringskurs og aktuelle autorisasjonsordningar. Banken har vedteke at alle kunde-rådgjevarane skal autoriserast innanfor fagområda sparing, kreditt, skade- og personforsikring. Så langt er alle kunderådgjevarar på personkundemarknaden autorisert eller i løypa for å bli autorisert. Det er krav om årlege kompetanseoppdateringar innanfor relevante fagområder og etikk. Banken har fast internopplæring innan områda rådgjeving, produkt og system på både person- og næringslivsområdet.

På bedriftsområdet vert det gjennomført relevante autorisasjonar innan forsikringsområdet i tillegg til interne og SpareBank 1 initierte kompetanseoppdateringar innanfor kreditt, berekraft og antikvitvask. Fleire medarbeidarar er i gang med, og har gjennomført, høgare utdanning gjennom eksterne utdanningsinstitusjonar i 2021.

Etikk

Banken sine tilsette skal etterleve ein klar og tydeleg etikkpolicy med krav om høg etisk standard. Banken er avhengig av tillit. Kunder, leverandørar og offentlege instansar må til ei kvar tid ha tiltru til banken både med omsyn til profesjonalitet og integritet. Dette inneber at banken og den enkelte tilsette må opptre med aktsemd, vere ærleg og objektiv og lojalt rette seg etter normer, lover og reglar som gjeld i samfunnet.

Banken sine etiske reglar gir rettleiing for korleis vi som tilsette skal handle for å etterleve banken sine verdinormer (visjon, forretningsidé og personalpolitikk). Alle har eit sjølvstendig ansvar for å opptre i tråd med dei etiske reglane. Ved tvilstilfelle må vi avstå frå handlinga, eller ta kontakt med næraste overordna. Banken sine etiske retningslinjer er ein del av banken sine styrande dokument og er tilgjengelege for dei tilsette i personalhandboka.


Alle tilsette har undertekna taushetserklæring og stadfesta i tilsetjingsprosessen at dei etiske reglane er mottekne og leste. Vidare har banken sine tilsette og tillitsvalde ein årleg gjennomgang av retningslinjene som eit ledd i å gjere seg kjend med innhaldet og skape ein open og positiv kultur. Det er krav om årleg kompetanseoppdatering for banken sine rådgjevarar innanfor etikkområdet, men då med fokus på god rådgjevingsskikk.

Banken har i løpet av året gjennomført eit prosjekt vedr. misferd og økonomisk utruskap med bakgrunn i å vurdere etterlevinga og kvaliteten i rutinar og arbeidsprosessar. Internrevisor stadfester at banken har eit etisk regelverk som er godt kjend i organisasjonen og at varslingsrutinene er etablert og i tråd med krava i arbeidsmiljølova.

Likestilling og diskrimineringsområdet

Alle tilsette skal vere sikra like moglegheiter til meningsfylt arbeid, opplæring, avansement og ei lik vurdering ved avlønning, uavhengig av kjønn eller andre tilhøve som i ein slik samanheng kan verke diskriminerande. SpareBank 1 Søre Sunnmøre vil på ein positiv måte søke å utnytte dei ressursar ein har i personalet totalt. Med bakgrunn i dette vil banken særleg stimulere kvinner til vidareutvikling og avansement slik at banken få ei meir lik kjønnsfordeling på dei ulike stillingsnivåa. Banken skal arbeide målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering på bakgrunn av kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisk bakgrunn, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Andel kvinner i styrande organ



Ved oppnemning av utval, komitear o.l. skal ein søke å få til ei balansert kjønnsfordeling. Ved tilsetjingar vil ein under elles like vilkår føretrekke kandidatar frå det kjønn som er klart underrepresentert i den aktuelle stillingsgruppa.

Banken har utarbeidd eiga rutine og system for varsling av kritikkverdige forhold, herunder alle former for trakas-

sering og anna utilbørleg oppførsel, som til dømes mobbing, seksuell trakassering, diskriminering, kriminelle forhold og forhold der liv og helse er i fare. I den årlege medarbeidarundersøkinga er det også måling på slike kritikkverdige forhold.


Banken skal i samarbeid med dei tillitsvalde gjennomføre kartlegging av risiko som kan føre til diskriminering eller hindre likestilling. Kartlegginga og tiltaksplan vert å vurdere i Arbeidsmiljøutvalet.

Kjønnsfordeling i banken sitt styrande organ for 2021 er slik:

Organ	Kvinner	Menn
Generalforsamling	5	15
Styret	4	4
Valnemnd	1	4
Leiargruppe	2	4


Av banken sine 63 fast tilsette, er det jamn fordeling mellom kvinner (30) og menn (33), samt at det er 5 kvinnelege leiarar av totalt 15 medarbeidarar med leiaransvar i banken.

Andel kvinner fordelt på stillingsnivå



Generalforsamlinga har gjort vedtak om at det skal vere minimum 40 prosent av kvart kjønn i styret.

Gjennomsnittslønn - kvinner/menn



Banken gjennomfører årleg lønnsamtalar med alle tilsette. I samband med førebuinga til dette, vert det også gjort ei kartlegging av lønnsforhold fordelt på kjønn og roller. Resultatet av lønnsoppgjøret og kartlegging av lønnsforholda vert protokollert i Samarbeidsutvalet av leiing og tillitsvalde.

Arbeid mot økonomisk kriminalitet

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har i lang tid hatt fokus på å førebyggje og avdekke økonomisk kriminalitet, herunder kvitvasking, terrorfinansiering og korrupsjon. Alle kundetiltak og aktivitetar for å redusere risiko i verksemda skal vere risikobasert. Det sikrar at banken brukar ressursane som leggst ned i dette viktige arbeidet så effektivt som mogleg. Ein føresetnad for denne risikobaserte tilnærminga er at det blir føretatt ei verksemdsinnretta risikovurdering.

Kompetanse om eiga verksemd og banken sine kundar er viktig for å utøve risikobasert tilnærming ut frå dei krav som lovverket stiller. Banken er pålagd å følgje kvitvaskingslova som mellom anna stiller krav til gjennomføring av kundetiltak ved kundeetablering og løpande oppfølging av kundane. Banken må difor kjenne sine kundar og kunne løpande dokumentere dette gjennom gyldige legitimasjonsdokument og kundeerklæringar.

Arbeidet mot økonomisk kriminalitet er styrt gjennom policy, verksemdsspesifikke retningslinjer og rutinar for tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering.

Banken arbeider systematisk mot økonomisk kriminalitet på bakgrunn av risikovurdering og elektronisk overvaking av transaksjonar basert på verksemdsspesifikke vurderingar. Banken er etter kvitvaskingslova pålagt å rapportere mistenkelege opplysingar og transaksjonar til Økokrim.

Norske bankar samarbeider for å avdekke og handtere trugslar knytt til økonomisk kriminalitet. I tillegg har bankane i alliansen ei felles eining for antikvitvask. Eininga har brei og god kompetanse og samarbeider tett med ansvarlege i banken om arbeidet som utførast.

Det leggst stor vekt på relevant og kontinuerleg opplæring i, og etterleving av, interne antikvitvaskingsrutinar og -regelverk. Det er krav om årlege opplærings- og oppdateringstiltak for alle tilsette i banken med eit særskilt opplegg for kundefrådgjevarar på person- og bedriftsmarknaden. Det er også eit krav at banken sine styremedlemer gjennomfører eit tilpassa opplæringsopplegg.

Utsiktene framover

Den økonomiske aktiviteten i Noreg har vore høg gjennom 2021. Fallande arbeidsløyse, auka konsum blant hus-

haldningane og investeringar av bedriftene er noko av det som trekk aktiviteten opp. Det er venta at bedrifter innan tenesteytande næringar som hotell, restaurant og kulturliv også vil oppleve låg vekst i 1. kvartal 2022, men snu til positiv utvikling og auka aktivitet etter heving av dei fleste smitteverntiltak.

Hushaldningane har auka konsumet gjennom 2021 samanlikna med 2020. Dette knyttast også saman med at konsumet blir meir dreia mot tenesteytande næringar. Det auka konsumet frå hushaldningane vil redusere spareraten og sannsynlegvis redusere innskot frå private hushaldningar. Stigande renter og høge straumprisar vil legge ein dempar på disponible realløn, men auka konsum er ein sentral drivar i BNP-veksten for fastlandet.

Utviklinga regionalt og lokalt fortsett i positiv retning etter effektive tiltak og stigande andel av vaksinerte i befolkninga. Fleire arbeidsgjeverar melder no om utfordringar på å rekruttere arbeidskraft innan helse, industri og serviceyrker. Desemberttal frå NAV syner at andelen heilt arbeidsledige i Møre og Romsdal er redusert til 1,9 prosent. Andelen heilt ledige i den ytre regionen med Ulstein, Hareid og Herøy er på om lag 3,6 prosent, medan i den indre regionen med Volda og Ørsta er andelen heilt ledige på 1,6 prosent av arbeidsstyrken. Det er venta at den positive utviklinga med nedgong i arbeidsløysa vil halde fram.

Regionalt nettverk for Norges Bank syner at næringslivet i regionen meiner at veksten i produksjonen fortsatt er venta å vere positiv, men noko lågare dei neste 6 månadane enn i førre rapport. Sysselsetting og investeringane er venta å ta seg opp. Det vil vere auka behov for å sysselsette samstundes som ein ser kapasitetsproblem og knappheit på arbeidskraft og kompetanse. Dette kan vere lønsdrivande for marknadsområdet til banken samstundes som det også kan legge noko begrensningar på veksten. Prisveksten er venta å tilta, medan utsiktene til vekst lønsemd er noko lågare enn i førre rapport.

Utviklinga framover vil fortsatt vere prega av smittesituasjonen og etterverkningar av Covid-pandemien innan- og utanlands og korleis denne påverkar risikoappetitten. Auka spenning i Europa og stigande geopolitisk risiko som følge av krigen i Ukraina medfører også usikkerheit. Sanksjonar mot Russland kan få direkte eller indirekte konsekvensar for enkelte norske selskap. Konflikta har medført ein kraftig auke i olje- og gassprisar. Isolert sett er stigande olje- og gassprisar positivt for handelsbalansen til Noreg, og kan medføre meir investering på norsk sokkel. Her kan det kome fleire små og mellomstore prosjekt som aukar etterspørselen etter tenester frå oljeservicebransjen.

For leverandørar til maritim industri er det venta at marknaden fortsatt vil vere krevande med press på lønsemda. Fiskeindustrien ser for seg høgare etterspørsel frå mellom anna restaurantbransjen, og det er positive utsikter med høge prisforventningar til laks med levering i 2022. Tenesteytande sektor vil oppleve auka etterspurnad etter sine tenester.

Det er god spreing i næringslivet i marknadsområdet til banken. Delar av næringslivet på Søre Sunnmøre har vore gjennom fleire omstillingar tidlegare. Samstundes er det slik at utlån til næringar som er direkte ramma av smitteverntiltak utgjør ein liten del av banken si utlånsporfølje. Styret har ikkje sett noko vesentleg endring i misleghald og tapssituasjonen i fjerde kvartal med bakgrunn i Covid-19.

Styret er av den oppfatning av at banken i utgangspunktet har moderat tapsrisiko knytt til utlån.

Nivået på bustadprisane har auka 6,6 prosent det siste året målt ved andre områder i Møre og Romsdal (ekskl. dei større byane i fylket). Dette er ein nedgong på 0,9 prosentpoeng frå førre kvartal, og andre kvartalet på rad med nedgong. Omsetningstida på bustad i området er 86 dagar, ei auke på 15 dagar samanlikna med førre kvartal. Bustadprisane har hatt ei monaleg mindre veksttakt enn i dei større byane. Totalt sett har prisauken over dei siste åra vore monaleg mindre enn i større byar. Sett i samheng med låg arbeidsløysa og lågt misleghald tyder dette på god stabilitet i den regionale økonomien.

Starten av 2022 vil fortsatt vere krevjande med omsyn til usikkerheit knytt til ny smittespreing av Covid-19, og langtidseffektar av smitteverntiltak nasjonalt og internasjonalt, og stigande geopolitisk uro. Innteninga i 2022 vil verte påverka negativt gjennom reduserte utlånsmargin, medan innskotsmarginen vil auke. Lågare kredittetterspurnad kan skjerpe konkurransesituasjonen ytterlegare og presse ned utlånsmarginen. Norges Bank har signalisert at det kjem fleire rentehevingar i 2022.

Banken er godt kapitalisert med god likviditet, og som den lokale sparebanken vil vi vere ein sterk, engasjert og nær støttespelar for kundane våre også gjennom denne krevjande tida.

Takk

Styret vil takke dei mange kundane for den tillit dei har synt ved å bruke banken til forretningane sine. Styret vil vidare takke alle tillitsvalde for stor interesse og godt samarbeid. Styret vil spesielt takke alle tilsette for innsatsen og bidraga dei har gjort gjennom året. Styret er godt nøgd med banken sitt resultat for 2021.

Volda, 31. desember 2021/7. mars 2022
I styret for SpareBank 1 Søre Sunnmøre

Kjell Arvid Storeide
Styreleiar

Ole Reinhart Notø
Nestleiar

Kjersti Kleven
Styremedlem

Arild Hatløy
Styremedlem

Bente Fylken
Styremedlem

Solveig Moe Frøland
Styremedlem

Runar Gretland
Tilsetterepresentant

Møyfrid Lillenes
Tilsetterepresentant

Stig Brautaset
Administrerende direktør



Erklæring fra styrets medlemmer og konsernsjef

Vi stadfestar at årsrekneskapen for perioda 1. januar til 31. desember 2021, etter vår beste overtøying, er utarbeide i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar og at opplysningane i rekneskapen gir eit rettvisande bilete av banken sine eignelutar, gjeld og

finansielle stilling og resultat som heilskap og at opplysningar i årsberetninga gir ei rettvisande oversikt av utviklinga, resultatet og stillinga til banken, saman med skildringa av dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar føretaket står ovanfor.

Volda, 31. desember 2021/7. mars 2022
I styret for SpareBank 1 Søre Sunnmøre



Kjell Arvid Storeide
Styreleiar



Ole Reinhart Notø
Nestleiar



Kjersti Kleven
Styremedlem




Arild Hatløy
Styremedlem



Bente Fylken
Styremedlem



Solveig Moe Frøland
Styremedlem



Runar Gretland
Tilsettereprasant




Møyfrid Lillenes
Tilsettereprasant



Stig Brautaset
Administrerande direktør

Organisasjon og leiingsstruktur



Styret

Kjell Arvid Storeide, styreleiar

Utdanna siviløkonom ved NHH med mange års erfaring som næringslivsleiar, mellom anna 15 år som administrerande direktør i Stokke AS. Er no engasjert som styreleiar/styremedlem i fleire ulike selskap.

Ole-Reinhart Notø, nestleiar

Siviløkonom og jurist, og med lang erfaring som advokat. I dag partner og advokat i ADVISO Advokatfirma AS. Har lang erfaring som styreleiar i ulike selskap på Sunnmøre.

Kjersti Kleven, styremedlem

Utdanna bedriftsøkonom frå BI og Cand.Polit frå universitetet i Oslo. Har lang erfaring frå styrearbeid og sit i dag som styreleiar og styremedlem i fleire ulike nasjonale og internasjonale selskap. Styremedlem sidan 2018.

Bente Fylken, styremedlem

Utdanna diplomøkonom frå BI, med tilleggsutdanning innan personalleiing og finans. Har hatt leiande stillingar innan finans, økonomi og rekneskap frå Ørsta kommune, Tussa Kraft AS og Mørenett AS. Har hatt ulike styreverv, både nasjonalt og lokalt. Jobbar i dag som CFO og verksemdsleiar i Mørenett.

Solveig Moe Frøland, styremedlem

Har ein master i kommunikasjonsleiing og har fullført Forsvarets sjefskurs. Arbeider i dag som direktør for kommunikasjon og samfunnskontakt i Kystverket, og har tidlegare jobba som kommunikasjonssjef i Helse Sunnmøre HF. Styremedlem sidan 2021.

Arild Hatløy, styremedlem

Utdanning frå DH (Molde) innan økonomi, administrasjon og revisjon. Har i mange år hatt leiande stillingar innan blant anna finans og strategi for ODIM og Rolls Royce Marine, dessutan diverse styreverv i dei same selskapa. Jobbar i dag som finansdirektør i Marin Teknikk.

Runar Gretland, styremedlem (tilsettere representant)

Bachelor i kommunal planlegging og administrasjon frå Høgskulen i Volda. Finansiell rådgjevar og tilsette sin representant i styret. Har jobba i banken sidan 2006. Kom som konsulent frå NAV og har erfaring frå ulike roller i banken og er i dag bedriftsrådgjevar på Storkundemarknaden. Styremedlem sidan 2018.

Møyfrid Lillenes, styremedlem (tilsettere representant)

Utdanning frå Bankakademiet, BI Kreditt og depotjus, og andre bankinterne kurs. Fast tilsett i SpareBank 1 Søre Sunnmøre sidan 1997. Har jobba i ulike avdelingar i banken, per i dag som rådgjevar på Servicesenter Kreditt. Styremedlem sidan 2017.

Generalforsamling

Volda kommune

Arild Iversen

Ørsta kommune

Karl Asgeir Sæbønes

Ulstein kommune

Jostein Sætrene

Herøy kommune

Svein Gjelseth

Innskytar Volda

Audhild G. Rotevatn
Geir Arve Vatne

Innskytar Ørsta

Hans Olav Myklebust
Geir Arne Aarseth

Innskytar Ulstein

Einar Vik Arset

Innskytar Herøy

Håvard Remøy

Innskytar øvrig

Jørn Petter Remøy


Eigenkapitalbevisegarar

Svein Rune Gjerde
Torbjørn Hovden
Anne Helen Sundalsvoll
Odd Martin Lindvik Velsvik

Tilsette

Karin H. Myklebust
Ingrid R. Stokke
Per Martin Vikene
Ole-Christian Heltne
Liv Longvastøl Barstad

Leiinga



Stig Brautaset (Administrerende direktør)

Utdanna Siviløkonom frå Bedriftsøkonomisk Institutt, samt 1. avd. juridikum frå Universitetet i Oslo. Begynte som administrerende direktør i SpareBank 1 Søre Sunnmøre i 2016. Har i perioden 1987-2016 hatt ulike leiarstillingar i DNB, Sparebanken Møre og Danske Bank. Kom frå stilling som direktør for Danske Finans i Danske Bank.

Kari Melle (Banksjef marknad og kundereise)

Utdanna siviløkonom frå NHH med fordjupning i strategi, organisasjon og leiing. Begynte i SpareBank 1 Søre Sunnmøre i 2020 som avdelingsbanksjef i Ørsta. Tok til som Banksjef Marknad og kundereise i 2021. Tidlegare erfaring frå Accenture, Sparebanken Møre og sist som avdelingsdirektør i Helfo.

Olaf Eskeland (Banksjef Økonomi og finans)

Utdanna siviløkonom frå NHH med fordjupning i finans. Tok til i Sparebank 1 Søre Sunnmøre i 2018. Erfaring frå Handelsbanken, Rolls-Royce Marine AS og sist som Finance Manager i Frontline Management AS.

Rolf Driveklepp (Banksjef Innovasjon og org.utvikling)

Utdanna høgskulekandidat i informasjonsteknologi og Bedriftsøkonom ved BI. Begynte i SpareBank 1 Søre Sunnmøre i kunderetta arbeid i 1993 og har hatt ansvar for teknologiområdet sidan 1997. Ansvarleg for Forretningsdrift og -utvikling sidan 2016.

Sigrun Heltne Vartdal (Banksjef Bedriftmarknad)

Bachelor i økonomi frå Handelshøgskolen BI. Begynte i SpareBank 1 Søre Sunnmøre i 2000 som bedriftsrådgjevar. Har tidlegare erfaring som rekneskapsansvarleg i ØR-rekneskap og Pan Fish ASA.

Andre Skotheim (Banksjef Personmarknad)

Utdanna innan økonomi og leiing frå Høgskulen i Agder. Starta i banken 2017 som leiar for sal og marknad. Mange års erfaring frå Sparebanken Møre og Danske Bank. Kom frå stillinga som banksjef personkunder i Danske Bank.

Årsrekneskap

Resultat

(Tal i heile tusen kroner)	Notar	2021	Omarb. 2020*
Renteinntekter - eignelutar målt til amortisert kost	3, 6	208.376	241.506
Renteinntekter - eignelutar målt til verkeleg verdi	3, 6	17.365	19.754
Rentekostnadar		78.700	108.124
Netto renteinntekter		147.041	153.135
Provisjonsinntekter	7, 15	92.374	81.973
Provisjonskostnadar		6.531	5.921
Andre driftsinntekter		665	672
Netto provisjons- og andre inntekter	7	86.508	76.724
Utbytte	25	13.887	11.893
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemdar	27	44.073	41.839
Netto verdiending på finansielle eignelutar	20, 26	5.008	11.011
Netto avkastning på finansielle investeringar	8	62.968	64.743
Sum inntekter		296.517	294.602
Personalkostnadar	9	69.845	64.245
Administrasjonskostnadar	11	39.861	37.821
Avskrivningar av varige driftsmidlar	28	6.213	6.508
Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar		-	223
Andre driftskostnadar	11	19.743	18.987
Sum driftskostnadar		135.661	127.338
Resultat før tap		160.856	167.265
Nedskrivning aksjar	27	632	7.332
Tap på utlån, garantiar	14, 17	9.009	16.692
Resultat før skatt		151.215	143.241
Skattekostnad	12	20.383	26.410
Resultat for perioden		130.832	116.831
Utvida resultatrekneskap			
Resultat for rekneskapsåret		130.832	116.831
<i>Postar som ikkje kan bli reklassifisert over resultatet</i>			
Netto estimatavvik pensjonar og skatteavvik pensjonar	10	-99	-198
<i>Postar som kan bli reklassifisert over resultatet</i>			
Andel utvida resultat i felleskontrollert verksemd		324	-
Endring verkeleg verdi, utlån		-3.287	6.150
Skatteeffekt		822	-1.538
Utvida resultat i perioden		-2.240	4.415
Totalresultat for perioden		128.592	121.246

* Resultatet for 2020 er omarbeida etter eigenkapitalmetoden sjå note 38. Det utarbeidast ikkje konsernrekneskap då investering i gjenverande dotterselskap vurderast som uvesentleg.

Balanse

(Tal i heile tusen kroner)	Notar	2021	Omarb. 31.12.2020*	Omarb. 01.01.2020
Eignelutar				
Kontantar og fordringar på sentralbanken		35.985	38.032	42.735
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	6	1.217.527	471.147	410.392
Netto utlån til kundar	14	9.645.362	9.172.693	8.851.174
Overtekne eigedomar		-	1.566	1.566
Sertifikat og obligasjonar med fast avkastning	6, 24	205.046	345.880	174.713
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser	21, 25	549.381	511.851	483.523
Investeringar i felleskontrollerte verksemder	27	172.576	178.121	134.632
Investering i konsernselskap		-	-	7.332
Utsett skattefordel	29	1.782	-1.460	2.066
Varige driftsmidlar	28	50.825	55.361	57.240
Andre eignelutar	29	34.977	24.399	21.860
Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter	29	7.958	7.845	6.929
Sum eignelutar		11.921.420	10.805.436	10.194.164
Gjeld				
Innskot frå og gjeld til kredittinstitusjonar	6	5.160	179.402	1.275
Innskot frå og gjeld til kundar	6, 30	8.397.137	7.215.802	6.964.134
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	6, 31	1.817.258	1.821.449	1.740.035
Anna gjeld	32	61.325	53.958	53.686
Påkomne kostnader og forskotsbetalte inntekter	32	7.663	6.731	6.471
Avsetning til forpliktingar	32	9.690	8.506	10.878
Ansvarleg lånekapital	6, 33	150.722	150.601	151.038
Sum gjeld		10.448.954	9.436.449	8.927.518
Eigenkapital				
Eigardelskapital	35	100.000	100.000	100.000
Overkursfond		193	193	193
Utjamningsfond		37.791	29.838	28.338
Sparebankfondet		1.174.820	1.076.728	1.005.959
Gåvefond		28.479	25.144	24.024
Kompensasjonsfond		1.482	1.482	1.482
Fond for vurderingsskilnader FKV/TS		81.369	84.887	56.650
Annan eigenkapital		-1.667	714	-
Hybridkapital	33	50.000	50.000	50.000
Sum eigenkapital	5	1.472.465	1.368.987	1.266.646
Forvaltningskapital		11.921.420	10.805.436	10.194.164

* Balansen for 2020 er omarbeida etter eigenkapitalmetoden sjå note 38. Det utarbeidast ikkje konsernrekneskap då investering i gjenverande dotterselskap vurderast som uvesentleg.

Eigenkapitaloppstilling

(Tal i heile tusen kroner)	Eigardels- kapital	Overkurs og kom- pensa- sjonsfond	Spare- bank- fondet	Utjam- nings- fond	Gåve- fond	Fond for vurderings- forskjellar	Hybrid- kapital	Annan eigen- kapital	Kompens- asjons- fond	Sum eigenka- pital
Eigenkapital per 31.12.2019	100.000	193	1.005.959	28.338	24.024	-	50.000	-	1.482	1.209.996
Effekt felleskontrollert verksemd til eigenkapitalmetoden	-	-	-	-	-	56.650	-	-	-	56.650
Eigenkapital per 01.01.2020	100.000	193	1.005.959	28.338	24.024	56.650	50.000	-	1.482	1.266.646
Disponert Årsresultat	-	-	70.769	4.500	10.000	41.839	-	-10.277	-	116.831
Disponert utvida resultat	-	-	-	-	-	-	-	4.415	-	4.415
Andre føringar FKV	-	-	-	-	-	1.675	-	-	-	1.675
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-	-3.701	-	-3.701
Emittert hybridkapital	-	-	-	-	-	-	50.000	-	-	50.000
Innfridd hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-50.000	-	-	-50.000
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-8.000	-	-15.277	-	15.277	-	-8.000
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-8.880	-	-	-	-	-8.880
Eigenkapital per 31.12.2020	100.000	193	1.076.728	24.838	25.144	84.887	50.000	5.714	1.482	1.368.987
Eigenkapital per 01.01.2021	100.000	193	1.076.728	24.838	25.144	84.887	50.000	5.714	1.482	1.368.987
Disponert Årsresultat	-	-	98.092	12.952	15.000	2.942	1.846	-	-	130.833
Disponert utvida resultat	-	-	-	-	-	324	-	-2.564	-	-2.240
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-1.846	-	-	-1.846
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-11.666	-	-	-	-	-11.666
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-	-	-	-	-5.000	-	-5.000
EK-poster frå felleskontrollert verksemd	-	-	-	-	-	-6.786	-	-	-	-6.786
Andre endringar	-	-	-	-	-	-	-	183	-	183
Eigenkapital per 31.12.2021	100.000	193	1.174.820	37.791	28.479	81.369	50.000	(1.667)	1.482	1.472.465

Kontantstrømoppstilling

(Tal i heile tusen kroner)	31.12.2021	Omarb. 31.12.2020*
Resultat før skatt	151.215	143.241
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollert verksemd	-44.073	-41.839
+ av- og nedskrivningar	6.844	13.840
+ Tap på utlån/garantiar	9.009	16.692
- Betalbar skatt	-20.383	-26.410
Tilført frå årets verksemd	102.613	105.523
Endring andre fordringar	-10.691	-2.845
Endring anna kortsiktig gjeld	4.305	-1.840
Endring utlån	-481.678	-338.211
Endring kredittinstitusjonar	-746.380	-60.756
Endring innskot frå kundar	1.181.335	251.668
Endring innskot kredittinstitusjonar	-174.242	178.127
Endring sertifikat og obligasjonar	140.834	-171.167
A) Netto kontantstrøm frå operasjonell aktivitet	16.097	-35.881
Brutto investeringar i bygningar/driftsmidlar	-2.308	-11.961
Avgang bygningar/driftsmidlar	1.566	-
Utbetaling ved kjøp av langsiktige investeringar i verdipapir	-38.590	-42.077
Innbetaling ved sal av langsiktige investeringar i verdipapir	384	60
Utbytte frå investeringar	41.131	27.170
B) Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitet	2.183	-26.808
Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar*		
Opptak av gjeld gjennom utferding av verdipapir	400.000	435.000
Opptak/ending av ansvarleg lånekapital	-	-
Opptak av fondsobligasjon	-	50.000
Tilbakebetaling av utferda verdipapir	-400.000	-355.000
Tilbakebetaling av utferda ansvarleg lån	-	-
Tilbakebetaling av utferda hybridkapital	-	-50.000
Utbetaling av utbytte og gåver	-16.666	-16.880
Betaling av renter på fondsobligasjon	-1.846	-3.701
Utbetaling av leigeforpliktelse	-1.814	-1.433
C) Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitet	-20.326	57.986
A) + B) + C) Netto endringar i likvidar i året	-2.046	-4.703
Likviditetsbeholdning inngåande balanse	38.032	42.735
Likviditetsbeholdning utgåande balanse	35.985	38.032
Endring	-2.046	-4.703

*Kontantstrømmen for 2020 er omarbeida etter eigenkapitalmetoden sjå note 38. Det utarbeidast ikkje konsernrekneskap då investering i gjenverande dotterselskap vurderast som uvesentleg.

2021					
Finansieringsaktiviteter bokført som gjeld	Netto endring	31.12.2021	Emittert 31.12.2021	Løyst inn 31.12.2021	31.12.2020
Verdipapirgjeld					
Sertifikatgjeld, nominell verdi	-	-	-	-	-
Obligasjonsgjeld, nominell verdi	-	1.810.000	400.000	-400.000	1.810.000
Verdijusteringar og påløpne renter	-4.191	7.258	-	-	11.449
Sum verdipapirgjeld	-	1.817.258	400.000	-400.000	1.821.449
Ansvarleg lånekapital					
Ansvarleg lånekapital, nominell verdi	-	150.000	-	-	150.000
Verdijusteringar og påløpne renter	121	722	-	-	601
Sum ansvarleg lånekapital	121	150.722	-	-	150.601
Total finansieringsaktiviteter bokført som gjeld	-	1.967.980	400.000	-400.000	1.972.050
Finansieringsaktiviteter bokført som egenkapital					
Hybridkapital	-	50.000	-	-	50.000
Betalte renter hybridkapital	-1.846	-	-	-1.846	-
Sum hybridkapital	-	50.000	-	-1.846	50.000

2020					
Finansieringsaktiviteter bokført som gjeld	Netto endring	31.12.2020	Emittert 31.12.2020	Løyst inn 31.12.2020	31.12.2019
Verdipapirgjeld					
Sertifikatgjeld, nominell verdi	-	-	-	-	-
Obligasjonsgjeld, nominell verdi	80.000	1.810.000	435.000	-355.000	1.730.000
Verdijusteringar og påløpne renter	1.414	11.449	-	-	10.035
Sum verdipapirgjeld	-	1.821.449	435.000	-355.000	1.740.035
Ansvarleg lånekapital					
Ansvarleg lånekapital, nominell verdi	-	150.000	-	-	150.000
Verdijusteringar og påløpne renter	-438	601	-	-	1.038
Sum ansvarleg lånekapital	-438	150.601	-	-	151.038
Total finansieringsaktiviteter bokført som gjeld	-	1.972.050	435.000	-355.000	1.891.073
Finansieringsaktiviteter bokført som egenkapital					
Hybridkapital	-	50.000	50.000	-50.000	50.000
Betalte renter hybridkapital	-3.701	-	-	-3.701	-
Sum hybridkapital	-	50.000	50.000	-53.701	50.000

Notar til rekneskapet

Notar

1. Generell informasjon	s. 40
2. Rekneskapsprinsipp	s. 41
3. Finansiell risikostyring	s. 47
4. Kristiske estimat ved bruk av rekneskapsprinsipp	s. 49
5. Segmentinformasjon	s. 50
6. Netto renteinntekter	s. 51
7. Netto provisjons- og andre driftsinntekter	s. 52
8. Inntekter frå finansiell verksemd	s. 52
9. Personalkostnader og ytingar til leiande tilsette og tillitsvalde	s. 53
10. Pensjonar	s. 56
11. Administrasjons- og andre driftskostnader	s. 58
12. Skatt	s. 59
13. Kredittinstitusjonar - krav og gjeld	s. 60
14. Utlån til og krav på kundar	s. 61
15. Overføring av utlån til SpareBank1 Boligkreditt AS/ SpareBank1 Næringskreditt AS	s. 62
16. Aldersfordeling på forfalne utlån	s. 63
17. Tap på utlån og garantiar	s. 64
18. Kreditteksponering for kvar interne risikorating	s. 68
19. Maksimal kredittrisikoeksponering, utan omsyn til pantsetjingar	s. 70
20. Derivat	s. 71
21. Aksjar, andelar, obligasjonar og andre eigenkapitalinteresser	s. 72
22. Marknadsrisiko knytt til renterisiko	s. 73
23. Forfallsanalyse av eignelutar og forpliktingar i morbank	s. 74
24. Obligasjonar og sertifikat	s. 75
25. Aksjar og andelar i fond	s. 76
26. Finansielle eignelutar vurderte til verkeleg verdi	s. 77
27. Investeringar i eigarinteresser	s. 79
28. Eigedom, anlegg og utstyr	s. 80
29. Andre eignelutar	s. 81
30. Innskot frå kundar	s. 82
31. Gjeld ved utferding av verdipapir	s. 83
32. Andre forpliktingar	s. 84
33. Ansvarleg lånekapital og fondsobligasjon	s. 85
34. Kapitaldekning	s. 86
35. Eigardelskapital og eigarstruktur	s. 88
36. Nærståande partar	s. 89
37. Leigeavtalar	s. 90
38. Effektar ved overgang til eigenkapitalmetoden	s. 91
39. Hendingar etter balansedagen	s. 91
 VEDLEGG	
Skildring av utrekning måtal og utrekning frå offisiell rekneskapsoppstilling	s. 92

Note 1 – Generell informasjon

Skildring av verksemda

SpareBank 1 Søre Sunnmøre sitt kjerneområde er Søre Sunnmøre. Banken har kontor i kommunane Volda, Ørsta, Ulstein og Herøy. Banken deltek i SpareBank 1-alliansen.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre er ein totalleverandør av produkt og tenester innan finansiering, sparing og plassering, forsikring og betalingsformidling.

SpareBank1 Søre Sunnmøre

Banken si forretningsadresse er Gymnasvegen 2, Volda. Banken har eigardel i den felleskontrollerte verksemda Samarbeidende Sparebanker AS.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre opererar i Noreg og er regulert av norsk rett. Banken sitt organisasjonsnummer er 937899785. Banken har utferda 1 million unoterte eigenkapitalbevis.

Årsrekneskapen for 2021 er godkjent av styret 7. mars 2022 og vil godkjennast av Generalforsamling den 24. mars 2022.

Note 2 – Rekneskapsprinsipp

Grunnlaget for utarbeiding av årsrekneskapen

Selskapsrekneskapen er avlagt i samsvar med Internasjonale standardar for finansiell rapportering (IFRS) som er godkjend av EU og gjort gjeldande i Noreg.

Målegrunnlaget for rekneskapen er historisk kost prinsippet med unntak av finansielle eignelutar og og forpliktingar målt til verkeleg verdi.

Rekneskapen er presentert i norske kroner. Om ikkje anna er vist, rundast verdiane av til nærmaste tusen kroner. Balanseoppstillinga er i hovudsak basert på ei vurdering av likviditeten til balansepostane.

Det er ikkje utarbeida konsernrekneskap då investering i dotterselskap vurderast som uvesentleg, sjå note 27.

Selskapsrekneskapen er avlagt under føresetnad om vidare drift.

Endring i rekneskapsprinsipp i 2021

Resultat, balanse, eigenkapitalendring og kontantstrøm syner omarbeida tal frå historisk kost til eigenkapitalmetoden på banken sin eigarandel i den felleskontrollerte verksemda Samarbeidande Sparebankar AS. Årsaken til endringa er at rekneskapsføring etter konsern opphørde etter salet av dotterselskapet Eiksundregionen Eigedom AS i juni 2021. Sjå note 38 for meir detaljar.

IFRS standardar og fortolkningar som er vedteke, men ikkje tredd i kraft i 2021

Nye og endra rekneskapsstandardar og fortolkningar gjeve ut av IASB vil kunne påverke morbanken og konsernet si framtidige rapportering. Det føreligg per utgangen av 2021 ingen kjende standardar som vil påverke morbanken si rapportering.

I det påfølgande skildrast dei viktigaste rekneskapsprinsippa som er nytta ved utarbeiding av rekneskapen til banken. Prinsippa som er nytta er dei same i alle perioder som er presentert, dersom anna ikkje framgår av skildringa.

Tilknytta- og felleskontrollerte verksemder (TS/FKV)

SpareBank 1 Gruppen eigast med 19,5 % kvar av SpareBank 1 SR-Bank, SpareBank 1 SMN, SpareBank 1 Nord-Norge og Samarbeidande Sparebanker AS. Øvrige eigarar er SpareBank 1 Østlandet (13,4 %) og LO (9,6 %). Banken eig 7,53 % av Samarbeidande Sparebanker AS

(SamSpar) AS. Styringsstrukturen i SamSpar er regulert i ein avtale mellom eigarane som fyller krava til felleskontrollerte verksemd.

Investeringane i SamSpar rekneskapsførast etter eigenkapitalmetoden i selskapsrekneskapen sjå note 27. Ved indikasjon på verdifall vert det føretatt nedskrivningstest.

Kontantar og fordringar på sentralbankar

Kontantar er definert som kontantar i NOK og valuta, og innskot i Norges Bank.

Valuta

Presentasjonsvalutaen er i norske kroner som også er morselskapet sin funksjonelle valuta. Alle beløp er gitt i tusen kroner med mindre noko anna er oppgitt.

Finansielle eignelutar

Etter IFRS 9 skal finansielle eignelutar klassifiserast i tre målekategoriar: verkeleg verdi med verdiendring over resultatet, verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader (OCI) og amortisert kost. For finansielle eignelutar skil ein mellom gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument, der gjeldsinstrument er alle finansielle eignelutar som ikkje er derivat eller eigenkapitalinstrument.

Gjeldsinstrument

Gjeldsinstrument med kontraktsfesta kontantstrøm som berre er betaling av rente og hovudstol på faste datoar, og som blir haldne i ein forretningsmodell med formål å motta kontraktsmessige kontantstrøm, skal målast til amortisert kost.

Gjeldsinstrument med kontraktsfesta kontantstrøm som berre er betaling av rente og hovudstol på faste datoar, og som blir haldne i ein forretningsmodell både for å motta kontraktsmessige kontantstrøm og for sal, skal målast til verkeleg verdi med verdiendringar over OCI, med renteinntekt, valutaomrekningseffektar og eventuelle nedskrivningar presentert i det ordinære resultatet. Verdiendringar førte over OCI skal reklassifiserast til resultatet ved sal eller annan avhending av eignelutane.

Dei andre gjeldsinstrumenta skal målast til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet. Dette gjeld instrument med kontantstrøm som ikkje berre er betaling av normal rente og hovudstol, og instrument

som blir haldne i ein forretningsmodell der formålet i hovudsak ikkje er mottak av kontraktsfesta kontantstraumar.

Instrument som i utgangspunktet skal målast til amortisert kost, eller til verkeleg verdi med verdiendringar over OCI, kan peikast ut for måling til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet dersom dette eliminerer eller vesentleg reduserer eit rekneskapsmessig misforhold.

1. Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar

Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar målast til amortisert kost.

2. Utlån til og fordring på kundar med flytande rente

I Noreg er for tiden vilkår det normale for utlån til personmarknaden og delar av bedriftsmarknaden. Vilkåra er normalt standardiserte og gjeld likt for alle utlån av denne typen. Låntakars rett til tidleg innløyseing og konkurransen mellom bankar gjer av utlåna sine kontantstraumar i lita grad vil kunne avvike frå kva som er definert som betaling av renter og hovedstol på gitte datoar i IFRS 9.

Banken si vurdering er difor at desse utlåna sine vilkår er konsistent med måling og klassifisering til amortisert kost.

3. Utlån til og fordring på kundar med flytande rente med pant i bustadeigedom

Utlån til og fordringar på kunder med flytande rente med pant i bustadeigedom er målt og klassifisert til verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader (OCI). Årsaken er at forretningsmodellen sitt føremål er vurdert til å vere for å motta kontraktsmessige kontantstraumar og sal.

4. Utlån til og fordringar på kundar med fastrente

Utlån til og fordringar på kundar med fastrente målast til og klassifiserast til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet (verkeleg verdi opsjonen).

5. Rentebærande verdipapir

Føretaket si portefølje av rentebærande verdipapir inneheld både sertifikater og obligasjonar. Rentebærande verdipapir målast og klassifiserast til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet.

Derivat

Alle derivat skal i utgangspunktet målast til verkeleg verdi med verdiendring i resultatet, men derivat som er utpeikte som sikringsinstrument, skal rekneskapsførast i tråd med prinsippa for sikringsbokføring.

1. Sikringsbokføring

Banken nyttar seg av verkeleg verdisikring for å styre renterisikoen for gjeld ved utferding av verdipapir til fastrente. Banken vurderar og dokumenterar sikringa sin effektivitet, både ved førstegongs klassifisering og på løpande basis. Ved verkeleg verdi sikring blir sikringsinstrumentet rekneskapsført til verkeleg verdi og sikringsobjektet blir rekneskapsført til amortisert kost justert for endring i verkeleg verdi av den sikra risiko. Endringar i desse verdiane vert resultatført.

Kun sikringar knytta til banken si innlansverksemd definiserast som «verkeleg verdisikring».

Eigenkapitalinstrument

Investeringar i eigenkapitalinstrument målast og klassifiserast til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet.

1. Aksjar, eigenkapitalbevis og andelar

Aksjeportefølja til banken er i all hovudsak samansett av strategiske anleggsaksjar. Aksjar og andelar er målt til verkeleg verdi over resultatet.

Finansielle forpliktingar

Føretaket sine finansielle forpliktingar rekneskapsførast til amortisert kost.

1. Innskot

Innskot frå kundar målast til amortisert kost.

2. Langsiktige innlån (gjeld stifta ved utferding av verdipapir og innskot frå kredittinstitusjonar)

Innlån reknast inn førstegong til opptakskost. Dette er verkeleg verdi av det motsatte vederlaget etter fradrag for transaksjonskostnader.

Innlån med flytande rente målast deretter til amortisert kost og eventuell over-/underkurs blir periodisert over løpetida.

Innlån med fast rente som er swappa til flytande rente sikringsbokførast (verkeleg verdisikring) med neddiskontering etter gjeldande rentekurve.

Tapsavsetningar på brutto utlån og garantiar

Etter IFRS 9 skal tapsavsetningane reknast inn basert på forventa kredittap (ECL). Den generelle modellen for nedskrivningar av finansielle eignelutar i IFRS 9, vil gjelde for finansielle eignelutar som blir målte til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over OCI, og der det ikkje hadde skjedd tap ved førstegongs balanseføring. I tillegg er også lånetilsagn, finansielle garantikontraktar som ikkje er målte til verkeleg verdi over resultatet, og leigeavtalefordringar, omfatta.

Målinga av avsetninga for forventa tap i den generelle modellen, er avhengig av om kredittrisikoen har auka vesentleg sidan første gongs balanseføring. Ved første gongs balanseføring, og når kredittrisikoen ikkje har auka vesentleg etter første gongs balanseføring, skal det setjast av for 12-månaders forventa tap. 12-månaders forventa tap er det tapet som er forventa å kome over levetida til instrumentet, men som kan knytast til hendingar som skjer dei første 12 månadene. Viss kredittrisikoen har auka vesentleg etter førstegongsinnrekning, skal det setjast av for forventa tap over heile levetida.

Forventa kreditttap er utrekna basert på noverdien av alle kontantstraumar over attståande forventa levetid, dvs. skilnaden mellom dei kontraktmessige kontantstraumane etter kontrakten og den kontantstrømmen som banken forventar å motta, diskontert med effektiv rente på instrumentet.

I tillegg til den generelle modellen er det egne prinsipp for utferda inkludert reforhandla lån som blir behandla som nye, og kjøpte lån der det har kome til kreditttap ved første gongs balanseføring. For desse skal det reknast ut ei effektiv rente som tek omsyn til forventa kreditttap, og ved endringar i forventa kontantstraumar, skal endringa diskonterast med den opphavleg fastsette effektive renta og resultatførast. For desse eignelutane er det såleis ikkje behov for å overvake om det har vore ein vesentleg auke i kredittrisiko etter først gongs balanseføring, då det uansett skal takast omsyn til forventa tap over heile levetida. For kundefordringar utan vesentlege finansieringskomponentar, skal ein forenkla modell nyttast, der det blir avsett for forventa tap over heile levetida frå første gongs balanseføring. Banken har valt som rekneskapsprinsipp å bruke den forenkla modellen også for kundefordringar med vesentlege finansieringselement og leigefordringar.

Nedskrivingsmodellen

Tapsanslaget skal lagast kvartalsvis, og vil bygge på data i datavarehuset som har historikk over konto- og kundedata for heile kredittporteføljen, utlån, kreditt og garantiar. Tapsestimata vil bli utrekna basert på 12 månaders og livslangt sannsyn for misleghald frå kunden si side (probability of default – PD), lånetap ved misleghald (loss given default – LGD) og eksponering av lånet ved misleghald (exposure at default – EAD). Datavarehuset inneheld historikk for observert misleghaldsrate (PD) og observert tapsgrad (LGD). Dette vil danne grunnlag for å lage gode estimat på framtidige verdiar for PD og LGD.

Banken vurderer framtidretta informasjon som makroøkonomiske faktorar, som foreksempel arbeidsløyse, BNP-vekst, renter, bustadprisar og økonomiske prognosar for å kunne gi framtidretta informasjon som

er så korrekt som mogleg. Det produserast månadsrapportar for validering og stresstesting som inneheld historikk for observert PD og observert LGD. Dette er viktige analysar for å kunne lage gode estimat på PD og LGD framover slik ECL-formelen krev. Stresstestane inneheld ulike scenario for makroøkonomiske hovudstørrelsar og korleis dette kan påverke estimata for PD, LGD, EAD og EL (forventa tap) og UL (risikojustert kapital) i både regulatoriske og økonomiske kredittmodellar. Basisscenarioet frå stresstestane er laga på grunn av referansebana i Pengepolitisk rapport frå Norges Bank. Dette gir eit grunnlag for å lage eit basisscenario for IFRS 9 – utrekningane.

Makroøkonomiske hovudstørrelsar

	2021	2022	2023	2024	2025
Arbeidsløyse (AKU) nivå	4,2	3,7	3,5	3,5	3,5
BNP – vekst	3,8	4,1	1,0	1,0	1,3
Produksjonsgap, nivå	-1,2	1,0	0,9	0,7	0,4
Pengemarknadsrente, nivå	0,5	1,3	1,6	1,9	2,2
Inflasjon	1,7	1,3	1,4	1,6	1,8
Lønsvekst	2,8	2,9	3,1	3,3	3,3
Føretaka sine driftsinnt.	10	10	2	2	3
Føretaka sine driftskost.	10	10	2	2	3
Føretaka sine finanskost.	9	28	18	11	2

Definisjonen av misleghald under trinn 3 er samanfallande med intern risikostyring og kapitalkravsutrekningar. Her nyttast også 90 dagars overtrekk og kredittforringa som eit viktig kriterium for misleghald. Kriteria for vesentleg auke i kredittrisiko er skildra i trinn 1 og 2 under. Vesentleg auke i kredittrisiko blir målt for det einskilde utlånet. Tapsavsetninga i trinn 2 og 3 blir rekna ut og rapportert i grupper av finansielle instrument. For utlånsporteføljenskil ein mellom person- og bedriftsmarknaden.

Trinn 1

Dette er startpunkt for alle finansielle eignelutar som er omfatta av den generelle tapsmodellen. Alle eignelutar som ikkje har vesentleg høgare kredittrisiko enn ved førstegongsinnrekning, får ei avsetning til tap som tilsvarar 12 månaders forventa tap. I denne kategorien ligg alle eignelutar som ikkje er overførte til trinn 2 eller 3.

Trinn 2

I trinn 2 i tapsmodellen er eignelutar som har hatt ein vesentleg auke i kredittrisiko sidan førstegongsinnrekning, men der det ikkje er objektive bevis på tap (riskoklasse er ikkje J eller K). For desse eignelutane skal det avsettast for forventa tap over heile levetida. Grensedragninga mellom trinn 2 og 3 er derfor klar frå standarden. Når det gjeld avgrensing mot trinn 1, må banken sjølv definere kva som er vesentleg grad av

kredittforverring. IFRS 9 beskriv likevel at det har vore ein vesentleg auke i kredittisiko, med mindre dette kan tilbakevisast, dersom betaling er forseinka med 30 dagar eller meir.

Banken har vidare definert at eignelutar knytte til kundar som kjem på overvaking, skal gå inn i trinn 2, og at det som hovudregel har vore ein vesentleg auke i kredittisiko dersom PD er auka minst 150 prosent sidan innvilging, og PD er høgare enn 0,6 %. Vidare vil ei betaling som er minst 30 dagar forseinka, indikere vesentleg auke i kredittisiko, uavhengig av nivået på PD. Følgjande kriterium må dermed vere oppfylte for at det skal ha skjedd ein vesentleg auke i kredittisiko:

- PD er minst auka med 150 % sidan innvilging, og
- PD > 0,6 % eller
- minst 30 dagars forseinka betaling

Dersom ein eignelut i trinn 2 ikkje lenger syner å ha vesentleg auka kredittisiko samanlikna med førstegongs innrekning, vil eigneluten migrere tilbake til trinn 1. Det same gjeld eignelutar i trinn 3, dersom grunnlaget for plassering i trinn 3 ikkje lenger er tilstades vil eigneluten migrere til trinn 1 eller trinn 2.

Trinn 3

I trinn 3 i tapsmodellen er eignelutar som har hatt ein vesentleg auke i kredittisiko sidan innvilging, og der det er objektive bevis på tap på balansedato. For desse eignelutane skal det avsettast for forventa tap over heile levetida. Kredittapet må vere eit resultat av ein eller fleire hendingar som har inntruffe etter første gongs innrekning (ei tapshending) og resultatet av tapshendinga (eller hendingane) må også kunnast målast påliteleg. Objektive bevis på kredittap omfattar observerbare data som blir kjent for banken om følgjande tapshendingar:

Misleghald på 90 dagar, og beløpet ikkje er uvesentleg, eller dersom det framstår som lite sannsynleg at kunden vil vere i stand til å innfri pliktene sine, slik som til dømes ved kvalifisert sannsynligheit for konkurs, gjeldsforhandling eller at kunden får innvilga spesielle vilkår, som medfører eit noverditap for banken større enn 1 prosent av banken si eksponering mot kunden.

Banken vurderar først om det eksisterar individuelle objektive bevis på kredittap for finansielle eignelutar som er individuelt signifikante. Dersom det er objektive bevis på at kredittap har skjedd, reknast størrelsen på tapet til differansen mellom eignelutane sin bokførte verdi og av noverdien av estimerte framtidige kontantstraumar diskontert med den finansielle eigneluten sin opprinnelege effektive rentesats. Bokført verdi av eigneluten reduserast ved bruk av ein nedskrivningskonto og tapet reknast inn i resultatrekneskapen.

Misleghaldne eller taputsette engasjement

Samla engasjement frå ein kunde reknast som misleghald og takast med i banken si oversikt over misleghaldne engasjement når forfelne avdrag eller renter ikkje er betalt innan 90 dagar etter forfall eller rammekredittar er overtrukke 90 dagar eller meir. Definisjonen av misleghaldne engasjement vart endra med ved verknad frå 01.01.2021, jf kapitalkravsforordninga (CRR art.178), og finanstillstyret sitt rundskriv 4/2020, Identifisering av misleghaldne engasjement. Endringa medfører at fleire engasjement vert å rekne som misleghaldne. I tillegg til betalingsmisleghald over 90 dagar, konkurs og tapsføring, vil no mellom anna også engasjement med kvalifisert svekka kredittverdigheit, endringar av betalingsvilkår som i kvalifisert grad reduserer verdien av kontantstraumen, ettergjeving av gjeld mm. (Unlikelihood to pay) verte definert som misleghaldne.

Banken har definert at det er objektive bevis for tap når eit utlån er i misleghalde (risikoklasse J eller K). Sjå note 18 for meir detaljar. Denne definisjonen er i tråd med definisjonen som gjeld for intern risikostyring og for regulatorisk kapitalkravsberkning for IRB-bankane.

Konstaterte tap

Konstatering av tap (frårekning av balanseført verdi) vert gjort når banken ikkje har rimelege forventningar om å gjenvinne eit engasjement i si heilheit eller ein del av den. Kriteriar når dette skal gjerast er blant anna:

- Avslutta konkurs i selskap med begrensa ansvar
- Stadfesta akkord/gjeldsforhandlingar
- Avvikling av øvrege selskap med begrensa ansvar
- Avslutta bo ved dødsfall
- Ved rettskraftig dom
- Sikkerheiter er realisert
- Engasjement vil normalt leggast på langtidsovervaking i tilfelle debitor igjen skulle bli søkegod.

Innrekning og frårekning av finansielle eignelutar og forpliktingar

Finansielle eignelutar og forpliktingar blir rekna inn på handledagen, det vil seie tidspunktet banken blir part i dei kontraktmessige vilkåra til instrumenta. Finansielle eignelutar blir frårekna når dei kontraktmessige rettane til kontantstraumane frå den finansielle eigneluten er avslutta, eller når rettane til kontantstraumane frå eigneluten er overførte på ein slik måte at risiko og avkastning knytte til eigarskapet i det alt vesentlege er overførte.

Finansielle forpliktingar skal reknast frå når dei kontraktmessige vilkåra er innfridde, kansellerte eller avslutta.

Modifiserte eignelutar og forpliktingar

Dersom det gjerast modifiseringar eller endringar i vilkåra til ein eksisterande finansiell eignelut eller

forplikting behandlast instrumentet som ein ny finansiell eignelut dersom dei reforhandla vilkåra er vesentleg forskjellig frå dei gamle vilkåra. Dersom vilkåra er vesentleg forskjellig fråreknast den gamle finansielle eigneluten eller forpliktinga, og ein ny finansiell eignelut eller forplikting reknast inn. Generelt vurderast eit utlån til å vere ein ny finansiell eignelut dersom det utferdast ny lånedokumentasjon, samstundes som det vert gjennomført ny kredittprosess med fastsetting av nye lånevilkår.

Dersom det modifiserte instrumentet ikkje vurderast å vere vesentleg forskjellig frå det eksisterande instrumentet, vert instrumentet rekneskapsmessig sett på som å vere ei vidareføring av eksisterande instrument. Ved ei modifisering som rekneskapsførast som ei vidareføring av eksisterande instrument, diskonterast dei nye kontantstraumane med instrumentet si opprinnelege effektive rente og eventuell forskjell mot eksisterande balanseført beløp resultatførast.

Overtekne eignelutar

Som ein del av behandlinga av misleghaldne lån og garantiar, overtek banken i einskilde tilfelle eignelutar som har vore stilt som trygd for slike engasjement. Ved overtaking verdsettast eignelutane til anteken realisasjonsverdi. Overtekne eignelutar som skal realiserast, klassifiserast som behaldning eller anleggsmiddel haldne for sal, og rekneskapsførast etter høvesvis IAS 2 eller IFRS 5.

Overføring av låneporteføljer

Banken har inngått avtale om juridisk sal av utlån med høg trygd og pant i fast eigedom til SpareBank 1 Boligkreditt AS og SpareBank 1 Næringskreditt AS. Banken vurderar at praktisk talt all risiko og avkastning ved eigarskap knytta til desse utlåna er overført. Alle overførte lån er frårekna i banken sin balanse. I henhold til inngått forvaltningsavtale med desse to selskapa i alliansen, har banken forvaltning av utlåna og opprettheld kundekontakta. I tillegg til salssummen mottek banken eit vederlag i form av løpande provisjonar for låna. Sjå note 7.

Varige driftsmidlar

Eigedom, anlegg og utstyr førast første gong i balansen inn til anskaffelseskost og skrivast deretter av lineært over forventet levetid etter IAS 16. Ved fastsetting av avskrivningsplan, splittast dei einskilde eignelutane i naudsynt utstrekning opp i komponentar med ulik løpetid, og det takast omsyn til estimert restverdi for banken sine eignelutar. Tomter, hytter og kunst avskrivast ikkje, men testast periodisk for nedskrivning ved indikasjonar på verdifall. Eigedom, anlegg og utstyr som avskrivast, er gjenstand for ein nedskrivningstest i samsvar med IAS 36 når omstenda indikerar det.

Andre nedskrivningar

Balanseført beløp av bankens eignelutar vert gått gjennom på balansedagen. Dette for å vurdere om det føreligg indikasjonar på verdifall. Dersom det føreligg slike indikasjonar, estimerast eignelutens gjenvinnbare beløp. Nedskrivningar vert gjort når balanseført verdi av ein eignelut eller konstanstrømgenererande einhet overstig gjenvinnbart beløp. Nedskrivningar førast over resultatrekneskapen.

Usikre forpliktingar

Banken utferdar finansielle garantiar som ledd i den ordinære verksemda. Tapsvurderingar skjer som ein del av vurderinga av tap på utlån og etter same prinsipp, og rapporterast saman med desse. Det vert gjort avsetningar for andre usikre forpliktingar, dersom det er overvekt av sannsyn for at forpliktinga materialiserar seg, og dei økonomiske konsekvensane kan reknast påliteleg ut.

Pensjonar

Ytingsbaserte ordningar

I samsvar med IAS 19 er pensjonskostnaden delt opp og kostnaden med pensjonsopptening og netto renteinntekter-/kostnad er resultatført. Verdiregulering som følgje av estimatavvik er ført i utvida resultatrekneskap under linja for «Andre innrekna inntekter og kostnader» og er følgjeleg med i totalresultatet. Netto pensjonsansvar vert ført som «Anna gjeld» i balansen. Netto pensjonsansvar vert utrekna som differansen mellom brutto pensjonsansvar, som er noverdien av estimert framtidig pensjonsytning og pensjonsmidlar i forsikringsfond eller pensjonspremiefond. Netto balanseført pensjonsansvar er korrigert for avvik i estimat og effekt av endra føresetnader.

Innskotsbaserte ordningar

Innskotsbaserte pensjonsordningar inneber at konsernet ikkje gir løfte om framtidig pensjon på eit fast nivå, men betalar eit årleg innskot til ei kollektiv pensjonsordning. Den framtidige pensjonen vil vere avhengig av storleiken på tilskotet og den årlege avkastninga på pensjonssparinga. Konsernet har ikkje noko ansvar for dette utover å innbetale det årlege innskotet.

Det er ingen avsetning for påkome pensjonsansvar i slike ordningar. Innbetalingar til innskotsbaserte pensjonsordningar blir kostnadsførte direkte i den enkelte rekneskapsperioden. Pensjonskostnader for året blir ført netto i resultatrekneskapen under posten «Lønn og andre personalkostnader».

Skatt

Resultatført skatt består av periodeskatt (betalbar skatt) og endring i utsett skatt. Periodeskatt er rekna skatt på årets skattepliktige resultat. Utsett skatt vert rekneskapsført etter gjeldsmetoden i samsvar med IAS 12.

Det vert rekna forplikting eller eignelut ved utsett skatt på mellombelse skilnader, som er differansen mellom balanseført verdi og skattemessig verdi på eignelutar og forpliktingar. Det vert rekna ein eignelut ved utsett skatt på framførbare skattemessige underskot. Eignelut ved utsett skatt vert rekna inn berre i det omfang det er venta framtidig skattepliktige resultat som gjer det mogleg å utnytte den tilhøyrande skattefordelen.

Utsett skatt/utsett skattefordel er utrekna med 25 % på grunnlag av mellombelse skilnader som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar ved utgangen av året.

Inntektsføring

Renteinntekter blir inntektsført ved bruk av effektiv rentemetode. Dette medfører løpande inntektsføring av nominelle renter med tillegg av amortisering av etableringsgebyr. Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode blir gjort både for balansepostar vurderte til amortisert kost og balansepostar vurderte til verkeleg verdi over resultat. Renteinntekter på nedskrivne engasjement blir utrekna etter effektiv rentemetode av nedskrivne verdi.

Renteinntekter og -kostnader

Renteinntekter og -kostnader knytt til eignelutar og forpliktingar som målast til amortisert kost, resultatførast løpande basert på effektiv rentes metode. Den effektive renta fastsettest ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid. Alle gebyr knytt til renteberande innlån og utlån går inn i utrekninga av effektiv rente og amortiserast over forventa løpetid. For rentebærande instrument som målast til verkeleg verdi, vil renta klassifiserast som renteinntekt eller -kostnad, medan effekten av verdiendringar klassifiserast som gevinst/tap frå andre finansielle investeringar eller over OCI.

Renteinntekter på finansielle eignelutar målt til amortisert kost og finansielle eignelutar målt til verkeleg verdi over utvida resultat er presentert i rekneskapslina «Renteinntekter målt til amortisert kost». Renteinntekter på finansielle eignelutar målt til verkeleg verdi over resultatet er presentert i rekneskapslina «Renteinntekter målt til verkeleg verdi».

Provisjonsinntekter og -kostnader

Provisjonsinntekter og -kostnader blir resultatført etter kvart som dei vert opptente eller påløpne. Gebyr for etablering av låneavtalar inngår i kontantstraumane ved utrekning av amortisert kost, og er inntektsført under «Netto renteinntekter» etter effektiv rentemetode. Gebyr som inngår ved etablering av finansielle garantiar inngår i verdsetting av garantiane og blir inntektsførte under «Netto verdiendring på finansielle eignelutar». Honorar for rådgjeving tenast opp i samsvar med inngått rådgjevningsavtale, som oftast etter kvart som tenesta ytast. Det same gjeld for løpande forvaltningstenester.

Mottatt utbytte

Utbytte på eigenkapitalinstrument vert resultatført ved utbetaling.

Segmentrapportering

Banken har i hovudsak to forretningsområde som sitt rapporteringsformat, personmarknad og bedriftsmarknad.

Sjølv om banken opererer i ulike kommunar, ser ein på det som om banken primært opererer innanfor ein og same geografiske marknad.

Ansvarleg lån og fondsobligasjon

Ansvarlege lån har prioritet etter all anna gjeld. Ansvarlege lån vert klassifiserte som forplikting i balansen og målte til amortisert kost slik som andre langsiktige lån.

Ein fondsobligasjon er ein obligasjon med ei pålydande rente, men banken har rett til å ikkje betale ut renter, og investor har heller ikkje seinare krav på renter som ikkje er utbetalt, dvs. rentene akkumulert ikkje. Fondsobligasjon klassifiserast som hybridkapital under eigenkapital då desse ikkje tilfredsstillar definisjonen på finansiell forplikting i henhold til IAS 32. Obligasjonane er evigvarande og SpareBank1 Søre Sunnmøre har rett til å ikkje betale renter til investorane. Rentekostnadane på fondsobligasjonen presenterast ikkje som rentekostnad i resultatet, men førast direkte mot eigenkapitalen.

Utbytte og gåver

Foreslått utbytte på eigenkapitalbevis og gåver presenterast som eigenkapital i perioden fram til er vedteke i banken si generalforsamling.

Leigeavtalar

Etter IFRS 16 vil vesentlege leigeavtalar for konsernet balanseførast. Dette medfører innrekning av ein bruksrettsdel (rett til å bruke egedelen) og ein finansiell forpliktelse til å betale leige for vesentlege leige-kontrakter. Banken nyttar seg av fritak for kortsiktige leigeavtalar (under 12 månadar) og leigeavtalar med låg verdi.

Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillinga syner kontantstrøm gruppert etter kjelder og bruksområde. Kontantstraumane er i hovudsak presentert brutto. Kontantar og kontantekvivalentar inkluderar kontantar, fordringar på sentralbankar og fordringar på bankar utan oppseiingsfrist.

Gjennomsnittleg rente

Det er fleire stadar i notane oppgitt årets gjennomsnittlege rentesats. Årets gjennomsnittlege rentesats tilsvarar årets renteinntekt eller rentekostnad etter amortisert kost dividert på høvesvis gjennomsnittlege utlån eller innlån.

Note 3 – Finansiell risikostyring

Overordna

Risikotilhøva innan banken si verksemd vert handsama gjennom kontinuerleg identifisering, måling og overvaking i samsvar med gitte risikogrenser. Denne risikostyringa er kritisk for banken si lønsemd og soliditet.

Banken er eksponert for strategisk, operasjonell, kreditt-, marknads-, rente-, likviditets- og oppgjersrisiko.

Struktur for risikostyring

Styret er ansvarleg for overordna tilnærming til risikostyring og for å godkjenne risikostrategiar og prinsipp.

Leiinga i banken har risiko og risikorapportering høgt på si arbeidsliste. Banken si risikoavdeling er eigen funksjon. Elles er det gjort mykje for å samle, rapportere og handsame risikoelementa som banken har.

Leiarane på PM og BM har eit særskilt ansvar for å handsame risikostrategien på sine områder og implementere banken sine prinsipp, rammeverk, retningslinjer og risikogrenser innan kredittområdet. Økonomiavdelinga har det operative ansvaret for dei andre risikoområda.

Leiargruppa har årleg gjennomgang av risikostyringsprosessane. Dette omfattar både ei vurdering av effekten av etablerte prosedyrar og etterlevinga av desse. Resultatet av gjennomgangen blir rapporterte til styret gjennom internkontrollrapportar.

Banken si økonomi- og finansavdeling styrer banken sine eigne plasseringar på ein slik måte at risikoen er innanfor rammene som gjeld for rente- og kredittisiko. Banken har i hovudsak flytande rente både på utlån og innskot. Økonomi- og finansavdelinga har også det operative ansvaret for likviditetsstyringa.

Risikomålings- og rapporteringssystem

Banken utfører måling og kvantifisering av risiko ved bruk av ulike metodar, både statistiske og ikkje-statistiske. Kvar metode er basert på ulike nivå av uvisse.

Banken har risikorapportering for risikoområda til styret jamleg. Risikorapportering til bruk i bankdrift og leiing har vore eit prioritert område i dei seinare år, og stadig fleire delar av organisasjonen vert sterkare involvert i informasjonsflyten og kan utføre risikoreduserande tiltak.

Fastrenter

Banken er etter vår vurdering relativt lite eksponert mot renterisiko fordi den har relativt lite volum av fastrenteinnskot og -utlån. I tillegg er likviditetsbufferen i stor grad plassert i bankinnskot og i konservative papir med liten kredittisiko. Samstundes er fundinga i hovudsak flytande rente. Funding inngått med fastrente er sikra med renteswapavtalar. Banken vurderer kontinuerleg om ein bør ta i bruk derivat for ytterlegare å redusere eksponeringa som kjem av endringar i rentenivå og eventuell eksponering knytt til framtidige transaksjonar.

Strategi knytt til bruk av finansielle instrument

Banken har i liten grad fastrenteinnskot og har difor ikkje sett det naudsynt å gjere sikringsforretning gjennom derivat. Når det gjeld fastrentelån følgjer banken til ei kvar tid opp risikoen som er knytt til denne type verksemd, og det vert jamleg gjort sikringsforretning gjennom derivat for å redusere risikoen.

Utover strategiske eigarpostar har banken ei mindre portefølje av aksjar, og styret har sett ei øvre grense for desse investeringane. Porteføljen av andre verdipapir har banken berre for å tilfredstille dei gjeldande krav til likvidar. Verdipapira består i hovudsak av papir som kan deponerast som trygd for lån i Noregs Bank eller som er tilpassa grupperinga til Finanstilsynet sitt krav i LCR.

Konsentrasjon av risiko

Konsentrasjon oppstår når fleire av banken sine motpartar opererer innanfor same bransje, geografiske område eller har andre samanfallande økonomiske eigenskapar som gjer at evna deira til å oppfylle forpliktingane blir påverka samtidig av endringar i økonomiske, politiske eller andre tilhøve.

Under prosessen med etterleving av intensjonane og implementeringa av risikostyring etter Basel III og ICAAP, har leiinga saman med styret ein kontinuerleg prosess med utarbeiding av måltal for ytterlegare å identifisere og redusere risiko.

Den geografiske lokaliseringa av eignelutar og forpliktingar er spesifisert i notar til relevante balansepostar. Banken søkjer å oppnå ei forsvarleg geografisk spreiding av lån innanfor sin lokale marknad, men lokal økonomisk utvikling, og særleg eigeprisane, vil kunne ha betydeleg innverknad på kundane si evne til

å tilbakebetale lån og på verdien av underliggjande trygd. Banken vil i første rekkje søkje å avgrense denne type risiko gjennom høg kvalitet i kredittarbeidet, å utnytte sin lokalkunnskap og gjennom å operere innanfor trygge marginar med omsyn til låntakarane si betalingsevne og kvaliteten på stilte trygder.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er risiko for tap på utlån og plasseringar (hovudstol og rentekrav) som følgje av manglande betalingsevne/-vilje hjå banken sine kundar. Omgrepet dekkjer også tap som følgje av svikaktig framferd av kundar i samband med slike lån/plasseringar. Det omfattar også risiko for at realisering av pantsatte trygder/kausjonar ikkje gir den føresette dekkinga for banken sine krav. Det vert gjort eit stort arbeid i SpareBank 1-alliansen for å syte for at systema skal vere best mogleg og at sakshandsamar skal få korrekt og tidsmessig informasjon slik at risikovurderingar vert utførte på best mogleg måte. Samstundes vert det arbeidd med porteføljekvaliteten og endringar som skjer av ansvarlege funksjonar og avdelingar i banken. Kredittrisikoen for utlån og sjansen for tap vert nøye overvaka gjennom utvikling i misleghald og overtrekk, i tillegg til jamleg vurdering av alle større nærings- og privatlån etter fastsette retningslinjer. At banken sine vedtekne retningslinjer for kreditttying vert etterlevd, vert fylgt opp gjennom internkontroll.

All plassering av midlar vert kredittvurdert og vurdert opp mot dei reglane som finst for deponering i Noregs Bank, eller tilpassa grupperinga til Finanstilsynet sitt krav i LCR. Banken si verdipapirportefølje består i hovudsak av spesielt sikre sertifikat og obligasjonar. Styret vurderer kredittrisikoen for våre verdipapir som liten/moderat.

Kursrisiko

Kursrisiko er risiko for at verkeleg verdi på ein balansepost avvik frå opphavleg verdi.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko knyter seg til feil/manglar som følgje av mangelfulle system, rutinar og kompetanse.

Renterisiko

Utlån og innskot der banken har mulegheit til å endre renta, medfører ein renterisiko som ikkje fullt ut let seg sikre. Typisk vil banken ha ein innskotsportefølje med flytande rente som overstig eignelutar som let seg reprise innanfor 1 månad. Innanfor løpetidsintervallet 0–3 månader vil det imidlertid vere ei rimeleg grad av balanse.

Likviditets- og oppgjersrisiko

Likviditetskriser i norske bankar har primært oppstått som eit resultat av store kredittap. Banken har ei målsetjing om ei forhaldsmessig konsolidert kapitaldekning på minimum 16,1 prosent. Banken sitt styre vil vurdere naudsynte tiltak dersom denne etterlevinga av målsetjingane er truga.

Likviditetsrisiko er primært knytt til banken si evne til å refinansiere innlån i verdipapirmarknaden og innlån frå andre finansinstitusjonar. Risikoen vil dels vere knytt til den norske rentemarknaden der det t.d. kan oppstå ein kortsiktig ubalanse som gjer det umogleg å refinansiere til akseptable vilkår. Banken søker å minimere denne type risiko gjennom å definere rammer for forfallstruktur i kvart løpetidsintervall. I tillegg er det definert minimumskrav til likviditetsreservar for å sikre at banken har tilstrekkelege likviditetsreservar til å kunne handtere eit stressscenario. Banken utfører kvartalsvis stresstesting for å vurdere om likviditetsrisikoen ligg innanfor dei styrevedtekne rammene.

Ut over dette har banken innvilga kredittramme på 100 mill.kroner på oppgjerskonto i SpareBank 1 SMN.

Banken er også medlem i SpareBank 1-alliansen som også skulle innebere ytterlegare tryggjelek.

Valutarisiko

Banken har ikkje valutaposisjonar av betydning, og dermed heller ikkje valutarisiko.

Note 4 – Kritiske estimat ved bruk av rekneskapsprinsipp

Tap på utlån og garantiar

Banken rescorar utlånsporteføljen månadleg. Kunder med svak risikoklasse, betalingsmisleghald, negativ migrering eller andre objektive kriterium vert vurderte med tanke på behov for individuell nedskriving. Individuell nedskriving vert rekna som skilnaden mellom lånet sin bokførte verdi og noverdien av diskontert kontantstraum basert på effektiv rente på tidspunktet ved første gongs innrekning av individuelle nedskrivingar.

Vurdering av behov for nedskriving vert gjort for eksponeringar større enn 2 mill. kroner som er misleghaldne, eller der banken har annan objektiv informasjon.

Andre nedskrivingar i trinn 1-3 baserar seg på taps-estimat utrekna med grunnlag på 12 månaders- og livslangt sannsyn for misleghald, tap ved misleghald og eksponering ved misleghald. Datavarehuset inneheld historikk for observert PD og LGD og dannar grunnlaget for gode estimat på framtidige verdiar for PD og LGD.

Sjå nærare skildring av banken sin tapsmodell i note 2.

Banken si rekneskapsføring av forventta kredittap med omsyn på Covid-19

Modellen kalkulerar risiko på engasjement for tre ulike scenario der sannsynet for at det enkelte scenario inntreff vert vektta. Basisscenario (Base case) for IFRS 9 – utrekningane bygg i hovudsak på makroøkonomiske prognoser frå blant anna Norges Bank sin Penge-

politiske rapport og SSB sin konjunkturrapport. Modellen inneheld forutsetningar om makroøkonomiske hovudstørrelsar som mellom anna arbeidsløyse, BNP-vekst, rentenivå og bustadprisar.

Tabellen under syner ei sensitivitetsanalyse på ECL ekskl. kategori 3K (individuelle nedskrivingar) sjå note 18 for meir detaljar.

Ein 10 prosentpoengs reduksjon i sannsynet for basis-scenariet og tilsvarende 10 prosentpoengs auke i sannsynet for stressscenarioet (Worst case) resulterer i auka tapsavsetningar på om lag 16 mill.kr. Dette illustrerar sensitiviteten ved ei moderat forverring i nasjonale og/eller regionale makroøkonomiske hovudstørrelsar som gjer at misleghaldssansynligheita som det er tatt høgde for aukar vidare.

Ein 10 prosentpoengs reduksjon i sannsynet for basis-scenariet og tilsvarende 10 prosentpoengs auke i sannsynet for det beste scenarioet (Best case) resulterer i reduserte tapsavsetningar på om lag 0,7 mill.kr som illustrerar sensitiviteten ved ei moderat forbetring i nasjonale og/eller regionale makroøkonomiske faktorar som gjer av misleghaldssansynligheita som det er tatt høgde for vert redusert.

I samband med Covid-19 krisa har banken ikkje endra risikovekting. Endringa i dei makroøkonomiske prognosene er tatt høgde for gjennom å oppjustere misleghaldssansynlegheita i alle tre scenario. Sjå note 17 for meir detaljar.

Anvendt vekting	Vekt	BM	PM	Totalt
Scenario 1 (Base Case)	80 %	21	9	24
Scenario 2 (Worst case)	10 %	152	37	19
Scenario 3 (Best case)	10 %	20	4	2
Totalt	100 %	-	-	45

Alternativ vekting 1	Vekt	BM	PM	Totalt
Scenario 1 (Base Case)	70 %	21	9	21
Scenario 2 (Worst case)	20 %	152	37	38
Scenario 3 (Best case)	10 %	20	4	2
Totalt	100 %	-	-	61

Alternativ vekting 2	Vekt	BM	PM	Totalt
Scenario 1 (Base Case)	70 %	21	9	21
Scenario 2 (Worst case)	10 %	152	37	19
Scenario 3 (Best case)	20 %	20	4	5
Totalt	100 %	-	-	45

Note 5 – Segmentinformasjon

Leiinga har vurdert kva for segment som er rapporterbare med utgangspunkt i distribusjonsform, produkt og kundar. Det primære rapporteringsformatet tek utgangspunkt i risikoen i eignelutane og avkastningsprofil og er delt opp i privatmarknad, inkludert sjølvstendig næringsdrivande, og bedriftsmarknad. Banken sine egne investeringsaktivitetar er ikkje eit separat

rapporterbart segment og kjem fram under posten ufordelt saman med aktivitetar som ikkje let seg allokere til privat- eller bedriftsmarknaden. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område og rapportering på geografiske sekundærsegment gir lite tilleggsinformasjon.

31.12.2021

(Tal i heile tusen kroner)

	Person	Bedrift	Anna	Totalt
Resultatrekneskap				
Netto renteinntekter	101.308	46.675	-942	147.041
Netto provisjons- og andre inntekter	68.784	16.293	1.430	86.508
Driftskostnader	-96.529	-29.160	-9.972	-135.661
Netto avkastning på finansielle investeringar	-	-	62.968	62.968
Tap på utlån og garantiar	1.799	-14.897	4.089	-9.009
Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar	-	-	-632	-632
Resultat før skatt	75.362	18.912	57.573	151.215
Balanse				
Utlån til kundar	7.786.503	1.919.269	-	9.705.772
Tap på utlån	-15.312	-41.708	-	-57.020
Andre eignelutar	-	-	2.272.668	2.272.668
Sum eignelutar per segment	7.771.191	1.877.561	2.272.668	11.921.420
Innskot frå og gjeld til kundar	4.957.221	3.439.916	-	8.397.137
Anna gjeld og eigenkapital	-	-	3.524.283	3.524.283
Sum eigenkapital og gjeld per segment	4.957.221	3.439.916	3.524.283	11.921.420

31.12.2020

(Tal i heile tusen kroner)

	Person	Bedrift	Anna	Totalt
Resultatrekneskap				
Netto renteinntekter	96.302	57.365	-532	153.135
Netto provisjons- og andre inntekter	58.297	11.836	6.591	76.724
Driftskostnader	-90.187	-28.156	-8.995	-127.338
Netto avkastning på finansielle investeringar	-	-	64.744	64.744
Tap på utlån og garantiar	990	-15.686	-1.996	-16.692
Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar	-	-	-7.332	-7.332
Resultat før skatt	65.403	25.358	52.480	143.241
Balanse				
Utlån til kundar	7.278.864	1.925.639	-	9.204.502
Avsetning for tap	-14.959	-33.288	-	-48.247
Andre eignelutar	-	-	1.649.180	1.649.180
Sum eignelutar per segment	7.263.905	1.892.351	1.649.180	10.805.436
Innskot frå og gjeld til kundar	4.592.587	2.623.215	-	7.215.802
Anna gjeld og eigenkapital	-	-	3.589.634	3.589.634
Sum eigenkapital og gjeld per segment	4.592.587	2.623.215	3.589.634	10.805.436

Note 6 – Netto renteinntekter

(Tal i heile tusen kroner)	2021	2020
Renteinntekter		
Renter av utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	1.379	3.154
Renter av utlån til og fordringar på kundar	220.916	253.642
Renter av sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	3.446	4.464
Andre renteinntekter, renteinntekter frå derivat og liknande inntekter	-	-
Sum renteinntekter	225.741	261.260
Rentekostnader		
Renter på gjeld til kredittinstitusjonar	405	785
Renter på innskot frå og gjeld til kundar	38.441	59.956
Renter på utferda verdipapir	23.013	32.054
Renter på ansvarleg lånekapital	3.249	3.946
Avgift til Bankenes Sikringsfond	5.928	5.211
Andre rentekostnader og liknande kostnader	7.664	6.173
Sum rentekostnader	78.700	108.124
Netto renteinntekter	147.041	153.135

Note 7 – Netto provisjons- og andre driftsinntekter

Sjå note 15 for meir detaljar vedr. provisjon frå Boligkreditt og Næringskreditt

(Tal i heile tusen kroner)	2021	2020
Garantiprovisjon	2.586	3.729
Sparing og plassering	6.960	6.039
Forvaltning	186	84
Formidlingsprovisjon	4.744	3.808
Provisjon frå Boligkreditt	33.566	26.556
Provisjon fra Næringskreditt	2.047	1.898
Betalingsformidling	22.990	21.549
Provisjon knytta til forsikringsprodukt	19.043	16.765
Andre provisjonsinntekter	251	1.548
Sum provisjonsinntekter	92.374	81.973
Provisjonskostnader	1.639	1.459
Betalingsformidling	4.892	4.462
Sum provisjonskostnader	6.531	5.921
Sum netto provisjon	85.843	76.052
Driftsinntekter fast eigedom	305	302
Andre driftsinntekter	359	370
Sum andre driftsinntekter	665	672
Netto provisjon- og andre inntekter	86.508	76.724

Note 8 – Inntekter frå finansiell verksemd

(Tal i heile tusen kroner)	2021	Omarb. 2020	2020
Utbytte	13.887	11.893	27.170
Netto verdiendring felles kontrollert verksemd	44.073	41.839	-
Netto verdiendring på sertifikat og obligasjonar til verkeleg verdi	-2.770	1.204	1.204
Netto verdiendring aksjar og andre verdipapir til verkeleg verdi	10.568	1.793	1.793
Netto verdiendring finansielle derivat og valuta	-2.789	8.014	8.014
Netto resultat frå andre finansielle investeringar	49.082	52.850	11.011
Netto resultat frå finansiell verksemd	62.968	64.743	38.181

Note 9 – Personalkostnader og ytingar til leiande tilsette og tillitsvalde

(Tal i heile tusen kroner)	2021	2020
Personalkostnader		
Løn	50.098	44.875
Pensjonskostnader	5.428	5.466
Sosiale kostnader	14.319	13.904
Sum personalkostnader	69.845	64.245
Gjennomsnittleg tal på tilsette		
Tal på årsverk per 31.12.	63	65
Tal på tilsette per 31.12.	63	65
Honorar tillitsvalde		
Godtgjering til styret	869	843
- herav godtgjering til styreleiar	187	183
Godtgjering til Generalforsamlinga	74	61
- herav godtgjering til leiar i Generalforsamlinga	30	29

Alle lån til tilsette og tillitsvalde er bokførte i morbanken. Det er stilt særskilte krav til trygd for slike lån. Det er ikkje gjort vesentlege transaksjonar mellom banken, styret og leiande tilsette.

Styret og leiande tilsette (Tal i heile tusen kroner)	2021	2020
Lån		
Lån utestående per 1.1.	8.083	7.262
Lån innvilga i løpet av perioden	35	821
Tilbakebetaling / avgang	169	-
Utestående lån per 31.12.	7.949	8.083

Utlån til tilsette	2021	2020
Lån	192.068	187.947
Rentefordel tilsette	748	1.314

Styreleiar

Styreleiar har verken bonusavtale eller avtale om etterløn.

Godtgjering til leiing 2021

Namn	Tittel	Løn	Natural ytelsar	Sum godtgjeringar	Pensjons- kostnad	Lån og kredittar pr 31.12.
Stig Brautaset	Adm. direktør	2.124	162	2.286	345	-
Olaf Eskeland	Banksjef Økonomi og finans	1.069	57	1.126	123	4.404
Andre Skotheim	Banksjef personmarknad	1.159	53	1.213	133	2.826
Sigrun Vartdal	Banksjef bedriftsmarknad	1.064	58	1.122	130	7.112
Rolf Driveklepp	Banksjef Innovasjon og org. utvikling	1.027	55	1.082	122	3.588
Kari Melle	Banksjef Marknad og kundereise	885	58	942	102	4.715
Utvida leiargruppe:						
Ole-Magnus Orlien	Leiar kapitalrådgjeving	954	50	1.005	83	2.582
Roy Henning Haddal	Fagsjef kreditt/juridisk	942	52	994	83	5.241
Vidar Egset	Banksjef personal og stab	1.019	43	1.063	118	1.396
Andre leiande tilsette:						
May Odden	Ansvarleg risk/compliance	944	53	997	89	2.334
Samla godtgjersle til leiinga		11.186	642	11.829	1.327	34.199

Godtgjering til leiing 2020

Namn	Tittel	Løn	Natural ytelsar	Sum godtgjeringar	Pensjons- kostnad	Lån og kredittar pr 31.12.
Stig Brautaset	Adm. direktør	1.898	201	2.099	336	-
Olaf Eskeland	Banksjef Økonomi og finans	1.041	67	1.108	122	4.558
Andre Skotheim	Banksjef personmarknad	1.140	61	1.201	132	2.958
Sigrun Vartdal	Banksjef bedriftsmarknad	1.064	67	1.131	130	7.467
Rolf Driveklepp	Banksjef Forretningsdrift- og utvikling	1.003	65	1.068	121	3.235
Samla godtgjersle til leiinga		6.147	461	6.608	840	18.218

Ingen tilsette eller leiande person har vilkår for variable ytingar som er betre enn det som er generelle vilkår for banken sine tilsette. Dette er regulert i banken sine retningslinjer for Godtgjeringsutvalet. Leiing og administrerande er inkludert i generelle reglar og kriteria for overskotsdeling.

Eigenkapitalbevis eigd av styret eller leiargruppa

Namn	Tittel	Behaldning 31.12.2021
Stig Olav Brautaset	Adm.dir.	1.000
Sigrun Heltne Vartdal	Banksjef BM	2.500
Rolf Driveklepp	Banksjef Forretningsdrift og -utvikling	100
Kari Melle	Banksjef Marknad og kundereise	500
Kjell A Storeide	Styreleiar	7.718
Ole-Reinhard Notø	Nestleiar	3.859
Arild Hatløy	Styremedlem	4.011
Møyfrid Lillenes	Styremedlem	100
Runar Gretland	Styremedlem	100
Utvida leiargruppe:		
Ole-Magnus Orlie	Leiar kapitalrådgjeving	600
Vidar Egset	Banksjef personal og stab	8.409
Andre leiande tilsette:		
May Odden	Ansvarleg risk/compliance	500

Talet på eigenkapitalbevis vedkomande eig i SpareBank 1 Søre Sunnmøre. Det er også tatt med eigenkapitalbevis tilhøyrande den næraste familie og kjente selskap der vedkomande har avgjerande innflyting.

Note 10 – Pensjonar

Generell skildring av selskapet sine pensjonsforplikningar

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har kollektiv pensjonsordning for alle tilsette, som tilfredsstillar kravet til obligatorisk tenestepensjon. 25 pensjonistar har ytelsesbasert ordning, mens alle andre tilsette er over på innskotsbasert ordning fom. 31.12.2017. Alle som er tilsett etter 1.4.2006 og enkelte som valde frivillig overgang i 2006, har alt hatt innskotsordning. Innskotsatsane er p.t. det maksimale etter regelverket og vert betalt inn og forvalta gjennom forsikringsselskapet. Tidlegare ytelsespensjonsordningar for tilsette og pensjonistar er omgjort til fripolisar.

Banken har også pensjonsforplikningar ut over den kollektive pensjonsordninga. Dette gjeld tidlegare og noverande administrerande direktør. Tidlegare administrerande direktør har ei livsvarig pensjonsavtale som utgjør ein pensjon på 70 % av det regulerte pensjonsgrunnlag. Noverande administrerande er omfatta av

den kollektive ordninga i banken, i tillegg til ein avtale utover 12 G med eit årleg pensjonsinnskot på 25 % av grunnlønn. Begge avtalar vert forvalta og handsama av forsikringsselskapet.

Pensjonskostnader og pensjonsforplikningar er utrekna etter internasjonal standard for rekneskapsføring av tilsetteytningar, IAS 19. Netto pensjonskostnad vert i sin heilskap ført under lønskostnader i resultatrekneskapen og omfattar pensjonsforplikninga i perioden og rentekostnad på pensjonsforplikninga fråtrekt estimert avkastning.

AFP-ordninga er ei fleirføretakspensjonsordning som skal finansierast gjennom premie fastsett som ein prosent av løn. Rekneskapsmessig blir ordninga handsama som ei innskotsbasert pensjonsordning der premien blir kostnadsført løpande. Kostnadsført AFP-premie var kr 892' for 2020, kr 847' for 2021. Berekna premie for 2022 er kr 865'.

Økonomiske føresetnader	2021	2020
Diskonteringsrente	1,50 %	1,50 %
Forventa avkastning på midlane	1,50 %	1,50 %
Forventa framtidig lønsutvikling	2,50 %	2,00 %
Forventa G-regulering	2,25 %	1,75 %
Forventa pensjonsregulering	0,00 %	0,00 %
Arbeidsgjevaravgift	14,10 %	14,10 %
Finansskatt	5,00 %	5,00 %
Forventa frivillig avgang (etter 50 år)	0,00 %	0,00 %
Forventa AFP-uttak frå 62 år	0,00 %	0,00 %
Dødelgheitstabell	K2013BE	K2013BE
Uføretariff	KU	KU

(Tal i heile tusen kroner)	2021	2020
Netto pensjonsforplikting i balansen		
Noverdi pensjonsforplikting i fondsbaserte ordningar	-	-
Verkeleg verdi av pensjonsmidlar	-	-
Netto pensjonsforplikting i fondsbaserte ordningar	-	-
Noverdi pensjonsforplikting i usikra ordningar	5.554	5.911
Noverdi finansskatt	-	-
Ikkje-innrekna estimatavvik (ev. aktuarielle gevinstar og tap)	-	-
Ikkje-innrekna opptening frå tidlegare perioder	-	-
Netto pensjonsforplikting i balanse etter arbeidsgjevaravgift	5.554	5.911
Pensjonskostnad i perioden		
Ytelsesbasert pensjon opptent i perioden	-	-
Rentekostnad samla pensjonsforplikting	85	135
